



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-rapport 10/2002

Ei evaluering av kompetansereforma i Sogn og Fjordane

Av Torbjørn Årethun og Winfried Ellingsen

VF Prosjektrapport

Rapport tittel Ei evaluering av kompetansereforma i Sogn og Fjordane	Rapportnr. 10/02
	Dato 12.08.02
	Gradering Åpen
Prosjekttittel Ei evaluering av kompetansereforma i Sogn og Fjordane	Tal sider 85
	Prosjektnr
Forskarar Torbjørn Årethun Winfried Ellingsen	Prosjektansvarleg Torbjørn Årethun
Oppdragsgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune	Emneord Kompetansereform Utdanning Realkompetansevurdering
Samandrag <p>Organiseringa og gjennomføringa av realkompetansedelen av Kompetansereforma har vore vellukka i Sogn og Fjordane.</p> <p>Personar som har fått gjennomført ei realkompetansevurdering, er gjennomgåande godt nøgd med dei tenestene dei har motteke, både ved servicesentera og i samband med sjølve realkompetansevurderinga. Deira vurdering av desse tenestene ligg noko over gjennomsnittet for tilsvarende kartleggingar av andre offentlege tenester. Dagens ordning med tre servicesenter er nær opp til det optimale.</p> <p>Utgreiinga har og avdekkja nokre sider ved gjennomføringa av realkompetansedelen i fylket som kan betrast. For det fyrste vert det i dag nytta for få ressursar til informasjon om Kompetansereforma i fylket. Det er truleg ein nær samanheng mellom informasjonsaktiviteten og talet på personar med rett som vender seg til servicesenteret. For det andre vil ein svært desentralisert organisasjonsmodell i permanent drift kreve etablering av eit noko meir formalisert planleggings- og oppfølgingssystem enn det som vert praktisert i dag.</p> <p>Når det gjeld opplæringsdelen av Kompetansereforma, bør det leggjast opp til meir bruk av IKT i opplæringa. Dette verktøyet kan gjera opplæringa meir fleksibel og gje rom for at deltakarane kan gå inn og ut av opplæringa i høve til eigne førehandskunnskapar.</p>	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISBN nr 82-428-0220-3 ISSN: 0803-4354	Pris 200,-

Samandrag	5
Hovudkonklusjon.....	5
1. Bakgrunn.....	22
1.1 Gap mellom kvalifikasjonskrava i næringslivet og kompetansen i arbeidsstyrken..	22
1.2 Målsetjingar for Kompetansereforma.....	24
1.3 Innhaldet i Kompetansereforma	25
1.4 Gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane.....	28
2. Oppdraget.....	31
2.1 Personar med rett, servicesentera og fagkonsulentane	32
2.2 Det IT-baserte kartleggingsverktøyet	33
2.3 Samhandlinga mellom dei ulike aktørane	33
2.4 Arbeidsgjevarane og utdanningstilbydarane si rolle	34
2.5 Utval og metode.....	34
3. Personar med rett	36
3.1 Kjenneteikn ved personar med rett.....	36
3.2 Kjennskap til servicesenteret	37
3.3 Årsakene til at personane kontakta servicesenteret	38
3.4 Avstanden til næraste servicesenter.....	39
3.5 Realkompetansevurderinga	40
3.6 Kundane sitt syn på tenestene ved Servicesentera.....	44
3.7 Kundane si vurdering av opplæringa.....	47
3.8 Konklusjonar	51
4. Leiarane ved dei tre servicesentera.....	53
4.1 Innleiing.....	53
4.2 Mottak og rettleiing av kundar	54
4.3 Informasjon frå servicesentera til kundane.....	55
4.4 Informasjon om kompetansereforma ved Servicesenteret.....	55
4.5 Servicesentera si rolle i realkompetansevurderinga	56
4.6 Servicesentera si rolle i vidaregåande opplæring	58
4.7 Framlegg til endringar	59
5. Representantar for undervisarane.....	63
5.1 Innleiing.....	63
5.2 Bakgrunnsinformasjon om undervisarane	63
5.3 Opplegg for undervisninga	63
5.4 Evaluering av undervisninga	65
5.5 Samarbeidet mellom koordinator ved skulen og undervisarane.....	65
5.6 Vestlandsforsking sine vurderingar	65
6. Koordinator for realkompetansedelen av Reforma	67
6.1 Innleiing.....	67
6.2 Koordineringa av og samarbeidet med servicesentera	67
6.3 Samarbeidet med dei sentrale styresmaktene	68
6.4 Informasjon om Realkompetanseprosjektet til relevante grupper	70
6.5 Samarbeidet med undervisningstilbydarane og fagopplæringsjef	70
6.6 Vestlandsforsking sine vurderingar	71
7. Fagkonsulentane sine vurderingar.....	73
7.1 Innleiing.....	73
7.2 Samarbeidet med servicesenteret.....	73
7.3 Bruken av REALDOK.....	76

7.4	Fagkonsulentane sitt syn på undervisninga av vaksne	78
7.5	Vestlandsforskning sine tilrådingar	79
8.	Representantar for undervisningsinstitusjonane	82
8.1	Innleiing.....	82
8.2	Involvering i Kompetansereforma.....	82
8.3	Undervisningsinstitusjonane sitt syn på Kompetansereforma.....	83
9.	Arbeidsgjevarane.....	85
10.	Fagopplæringsansvarleg	86

Samandrag

Hovudkonklusjon

Organiseringa og gjennomføringa av realkompetansedelen av Kompetansereforma har vore vellukka i Sogn og Fjordane. Samarbeidet mellom dei involverte partane og den etablerte arbeids- og ansvarsdelinga mellom dei har fungert godt, samstundes som den desentraliserte styringsstrukturen fylkeskommunen har lagt seg på har vore godt tilpassa gjennomføringa av realkompetansedelen som eit prøveprosjekt.

Personar som har fått gjennomført ei realkompetansevurdering, er gjennomgåande godt nøgd med dei tenestene dei har motteke, både ved servicesentera og i samband med sjølve realkompetansevurderinga. Deira vurderingar av desse tenestene ligg noko over gjennomsnittet for tilsvarende kartleggingar av andre offentlege tenester.

Også dei andre involverte partane som koordinator, servicesenter, fagkonsulentar, fagopplæring, undervisarar og undervisningsinstitusjonar er gjennomgåande godt nøgde med gjennomføringa av reforma og dei delane som vedkjem den einskilde aktør. Kartlegginga syner og at dagens ordning med tre servicesenter er nær opptil det optimale.

Når prøveprosjektet no skal gå inn i ein meir permanent driftsfase, har Vestlandsforskning sin kartlegging avdekka tre sentrale sider ved gjennomføringa av Reforma som bør betrast.

For det fyrste vert det i dag nytta for få ressursar til informasjon om Kompetansereforma i fylket. Det er truleg ein nær samanheng mellom informasjonsaktiviteten og talet på personar med rett som vender seg til servicesenteret.

For det andre vil ein svært desentralisert organisasjonsmodell i permanent drift kreve etablering av eit noko meir formalisert planleggings- og oppfølgingssystem enn det som vert praktisert i dag. Dette vil innebera at ein legg noko meir arbeid i å fastleggja måltal som grunnlag for budsjettprosessen. Desse måltala vert bindande for servicesentera. Skal eit slikt mål- og resultatstyringssystem verka, må ein også gjera ei direkte kopling mellom økonomiske ressursar og grad av måloppnåing ved det einskilde servicesenteret.

For det tredje bør det leggjast opp til meir bruk av IKT i opplæringa. Dette verktøyet kan gjera opplæringa meir fleksibel og gje rom for at deltakarane kan gå inn og ut av opplæringa i høve til eigne førehandskunnskapar.

Personar med rett

Vestlandsforskning gjennomført ei spørjeskjemakartlegging av 91 personar som enten har gjennomført ei realkompetansevurdering og/eller byrja på vidaregåande opplæring. Personane i utvalet var godt nøgde både med dei tenestene som servicesentera hadde å tilby og den realkompetansevurderinga dei fekk hjå fagkonsulentane. I sine vurderingar av servicen ved dei tre sentera alt i alt, er om lag 62 prosent meir nøgde enn misnøgde med den samla servicen. Dette er litt i overkant av gjennomsnittet blant andre offentlege etatar og må karakteriserast som godt. Resultatet frå realkompetansevurderinga svara til forventningane blant tre av fire kundar.

Det var berre i vurderinga av den generelle yrkes- og utdanningsrettleiinga ved servicesentera at delen av nøgde var noko lågare enn det som er vanleg ved denne typen granskingar av tenester frå den offentlege forvaltninga. Dette skuldast at denne tenesta i dag ikkje er definert som å vera ei primæroppgåve for servicesentera og leiarane der saknar difor opplæring på dette området. Sidan ein av seks kundar tek kontakt med servicesenteret med det for auge å få ei generell orientering i utdannings- og yrkesval, er dette ei stor oppgåve ved servicesentera i dag.

Berre vel 20 prosent av personane ville ha redusert den samla kontakten med servicesenteret dersom dei hadde fått ein lengre reiseveg. Det var ein noko større del av kundemassen i Nordfjord og i Sogn som ville redusert sin kontakt med Servicesenteret dersom reiseavstanden hadde blitt lengre, men skilnadene i vurderingane er ikkje store. Dette viser at det truleg vil få små konsekvensar for brukarane dersom reiseavstanden til det næraste servicesenteret aukar, noko som inneber at det i høve til kundane ikkje er naudsynt å auke talet på servicesenter i Sogn og Fjordane.

Dei som byrjar på vidaregåande opplæring er og gjennomgåande svært godt nøgde med ulike sider av opplæringa. 87 prosent er meir nøgd enn misnøgd med det faglege innhaldet i opplæringa, og når det gjeld opplæringsforma så er det tilsvarande talet 86 prosent.

Resultata frå denne spørjegranskinga gjev grunnlag for å trekkje fram fire forhold som Fylkeskommunene og dei andre involverte partane i gjennomføringa av Kompetansereforma har eit forbettringspotensiale i høvet til kundane. Den eine går på manglande informasjonsframstøyt mot personar med rett, for dermed å sikre at fleire av desse nyttar seg av retten til realkompetansevurdering og fullført vidaregåande opplæring. Granskinga av brukergruppa avdekka at det berre var vel 27 prosent av personar som var i jobb som fekk kjennskap til servicesenteret frå eigen arbeidsgjevar. Dersom informasjonen mot arbeidsgjevarar blir intensivert er det grunn til å vente at denne delen vil auke.

For det andre tek det gjennomgåande for lang tid frå ein person er klargjort på servicesenteret til vedkommande blir kalla inn til realkompetansevurdering. Meir enn kvar femte kunde må vente i meir enn tre månader frå klargjering og til realkompetansevurderinga finn stad, noko som er svært lenge i forhold til målet om rask realkompetansevurdering.

For det tredje tek det for mange også for lang tid frå ein person er realkompetansevurdert og fram til kurset startar. Kvar femte person som skulle ta til på vidaregåande opplæring måtte vente i meir enn tre månader. Sjølv om det tek tid å leggja kurs ut på anbod og deretter finna rett kurstilbydar, så er det mange som må vente relativt lenge på å få starte si vidaregåande opplæring.

For det fjerde syner kartlegginga av kundane at arbeidsgjevarane i liten grad bidreg til at deira eigne arbeidstakarar skal få fullført vidaregåande opplæring. Nesten 43 prosent av dei som var i jobb og som samstundes fullførte vidaregåande opplæring fekk inga hjelp frå arbeidsgjevar, og berre 8 prosent mottok løn i opplæringsperioden.

Informasjonsaktivitetar retta mot personar med rett

Ansaret for informasjonen til dei relevante gruppene har vore delt mellom Koordinator og dei tre leiarane ved servicesentera. Koordinator sende i 2001 ei brosjyre til alle hushald i fylket, der ein kort gjorde greie for innhaldet i Kompetansereforma generelt og realkompetansebiten spesielt. Det blei lagt vekt på å gjere greie for kva grupper som hadde rett til kostnadsfri realkompetansevurdering og fullføring av vidaregåande opplæring, kven dei interesserte skulle vende seg til og kvifor det kunne vera interessant å få gjennomført ei

realkompetansevurdering og deretter eventuelt fullføre vidaregåande opplæring. I tillegg til dette, har Koordinator innkalla til 2 – 3 pressekonferansar og distribuert pressemeldingar i samband med utlysing av nye kurs eller berre for å informere om Reforma. Koordinator har også informert kommunane som arbeidsgjevarar, enten direkte i eit rådmannskollegium eller direkte mot mange kommunar der formålet var at desse kommunane skulle gjera greie for ordninga i sine informasjonsaviser til eigne innbyggjarar og gjera det kjent internt i kommuneadministrasjonen, t.d. ved oppslag på informasjonstavle eller som informasjon på kommunen sitt intranett. Koordinatoren har og vore på dei største vidaregåande skulane og informert dei tilsette om Reforma.

Koordinatoren legg vekt på at det har vore for lita tid og for få ressursar til å gjennomføre ein større informasjonsaktivitet. Det har heller ikkje vore tilstrekkeleg kapasitet hjå dei tre servicesentera til å kunne handtere fleire kundar enn det dei har hatt i desse to åra.

Også leiarane ved servicesentera har arbeidd med å spreie informasjon om Kompetansereforma i sitt område. I fyrste rekkje til personar med rett, men og til arbeidsgjevarar og utdanningstilbydarar.

Vestlandsforsking sitt framlegg til endringar:

- Det bør setjast av fleire ressursar til informasjon om Kompetansereforma i fylket. Dette gjeld i særleg grad informasjon retta mot personar med rett og mot deira arbeidsgjevarar, både i kommunal og privat sektor.

Leiarane ved dei tre Servicesentera

Vestlandsforsking gjennomførte intervju med leiarane for dei tre servicesentera i fylket.

Hovuddelen av kundane vender seg til servicesenteret via telefon, medan den resterande delen møter opp personleg. Nokre kundar forventar at spekteret av tenester ved servicesenteret er større enn det aktuelle tilbodet. Dette gjeld i særleg grad tenester som dreier seg om generell yrkes- og utdanningsretteleiing og det å kunne starte på ei utdanning eller bli tilbode ein jobb utan tilstrekkelege bakgrunnskunnskapar.

I samband med gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane, er det bestemt at også personar som i høve til Kompetansereforma korkje har rett på kostnadsfri realkompetansevurdering eller gratis fullføring av vidaregåande opplæring skal få tilbod om dette. Dette gjeld i dei tilfella der det er ledige plassar på det aktuelle kurset etter at alle kundar med rett har fått plass. Leiarane ved servicesentera gjev uttrykk for at i periodar med stor kundetilstrøyming kan tida av og til bli for knapp, og meiner Fylkeskommunen bør vurdere å innføre ein pris for realkompetansevurdering av personar som i utgangspunktet ikkje har rett til ei slik gratis vurdering.

I etterkant av at kundane har svart på spørjeskjema omkring eigen real- og formalkompetanse, skal servicesenteret leggja denne informasjonen til rette i det IT-verktøyet som fagkonsulentane kan nytta i sin realkompetansevurdering, REALDOK. Saman med svara på spørjeskjemaet skal det også vedleggast stadfesta dokument frå noverande og tidlegare arbeidsgjevarar vedrørande arbeidspraksis og stadfesta dokumentasjon på tidlegare grunnutdanning. Leiarane ved servicesentera påpeikar at dei ofte blir presentert for mangelfull informasjon frå kundane fyrste gongen dei ber om dette. Nokre kundar manglar godkjende vitnemål frå tidlegare grunnutdanning dei hevdar å ha gjennomført og mange manglar ei tilstrekkeleg detaljert utgreiing om dei arbeidsoppgåvene som er utført for noverande eller tidlegare arbeidsgjevarar. Servicesentera saknar ein mal som i detalj greier ut om korleis informasjon om grunnutdanning og tidlegare arbeidspraksis skal presenterast av kundane.

Leiarane ved servicesentera meiner at realkompetansebeviset kan ha stor grad av legitimitet hjå arbeidsgjevarar i høve til fag under fagopplæringa, dvs innafor yrkesretta fag. Dette skuldast at det korkje på fagbrevet eller på kompetansebeviset er gjeve talkarakterar på dei einskilde faga, berre bestått. Servicesenterleiarane meiner derimot at realkompetansebeviset er lite eigna i høve til inntak på høgskule og opne universitetsstudiar fordi det her er lagt opp til at den einskilde utdanningsinstitusjonen sjølv skal vurdere desse kandidatane opp i mot andre søkjarar som har fullført den tradisjonelle vidaregåande skulen. Den siste gruppa vil ha eit fullt sett av karakterar, medan dei som søker på bakgrunn av m.a. eit realkompetansebevis vil mangle karakterar i nokre fag. I slike tilfelle kan inntakskriteria lett variere frå ein institusjon til ein annan og vurderingane og verdsetjinga av realkompetansen vil også variere. På grunn av kravet til standpunkt-karakterar, vil ein med realkompetansebevis som delvis grunnlag, ikkje vera aktuell for opptak til lukka studiar.

Servicesenteret framskaffer utdanningstilbydarar på to måtar. Dersom eit kurs har fleire enn 10 påmelde, skal kurset lysast ut offentleg. I dette tilfellet skriv servicesenteret eit offentleg anbod på kurset og når fristen for anbod har gått ut vel servicesenteret ut den anbydaren (utdanningsinstitusjonen) som skal få tilbodet. Dersom eit kurs har færre enn 10 påmelde, kan servicesenteret ta direkte kontakt med ein aktuell utdanningstilbydar, utan å måtte gjennomføre ein anbodsrunde, og saman med denne avgjer vilkåra for kurset. Leiarane ved servicesentera finn anbodsprinsippet tungvint og arbeidskrevjande. Dei peikar på at det er ein tidkrevjande prosess både å utforme anboda, og å vurdere og samanlikne innkomne tilbod. Frå og med 01.05.2002 vedtok fylkeskommunen at det berre er kurs med minst 10 påmelde som krev ein offentleg anbodsrunde.

Eit anna problem i samband med anbodssystemet som servicesentera peikar på, er mangelen på ein mal eller eit standardisert oppsett både når det gjeld utforminga av sjølve anbodet og når det gjeld utforminga av tilbodet (dvs svaret på anbodet). Manglande og ufullstendige svar på anbodet gjev servicesenteret meirarbeid og skapar problem i deira val av arrangør.

Vestlandsforskning sitt framlegg til endringar:

- Servicesentera bør framleis setja av ressursar for å kunne gje personar med rett eit avgrensa tilbod om generell yrkes- og utdanningsrettleiing dersom dei ynskjer dette. Dette vil gjera den einskilde betre i stand til å vurdere eigne evner og interesser mot dei vilkåra vedkommande kan venta å møte innafor ulike yrke. For at leiarane ved servicesentera skal bli betre rusta til denne oppgåva, bør det leggjast til rette for ei kort opplæring i samarbeid med t.d. Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Det bør frå sentralt hald utarbeidast ein mal som i detalj greier ut om korleis informasjon om grunnutdanning og tidlegare arbeidspraksis skal presenterast av kundane.
- Det bør også frå sentralt hald utarbeidast ein standardisert mal både når det gjeld utlysing av anbod på kurs og når det gjeld det tilbodet som utdanningsinstitusjonane skal gje.

- Ein stram, fylkeskommunal økonomi saman med knappe ressursar ved servicesentera tilseier at fylkeskommunen bør basere tilbodet om realkompetansevurdering på kostnadsdekning overfor dei gruppene som i høve til Kompetansereforma ikkje har rett på denne tenesta.
- Dei sentrale styresmaktene bør sjå nærare på dei problema som det no er med å nytte realkompetansebeviset som grunnlag for inntak på høgskular og universitet. Vår vurdering er at ein bør ta til med å setja talkarakterar også i samband med realkompetansevurderinga og ikkje berre nøye seg med bestått/ikkje bestått slik ordninga er i dag.
- Når ein person har fullført vidaregåande opplæring, må det etablerast rutinar for avregistrering i REALDOK.

Fagkonsulentane

Vestlandsforskning intervjuar seks representantar for fagkonsulentane i fylket. Desse representerte faga Elektro, Næringsmiddelsfag, Butikk og Kontor, Hjelpepleie, Helse- og omsorgsfag og Allmennfag.

Fagkonsulentane er godt nøgde med den klargjeringa av kandidatane som servicesenteret gjennomfører i forkant og det er ein god kommunikasjon mellom fagkonsulentane og servicesentera. Nokre av fagkonsulentane peika på at klargjeringa frå servicesenteret berre omfattar fødselsnummer samt utdannings- og yrkesbakgrunnen til kandidaten. Dette er all den førehandskunnskapen som fagkonsulenten sit på når vurderinga tek til. I mange tilfelle er dette tilstrekkeleg fordi kandidatane ofte er ressurssterke personer i 40-åra. Men det fins også kandidatar som har problem med å artikulere seg og presisere kva arbeidsoppgåver dei har utført i yrkeslivet og nokre kandidatar kan ha dysleksi og andre funksjonshemmingar som gjer det vanskeleg å lesa eller beherska det skrevne mediet. Nokre av kandidatane kan og ha dårlege og traumatiske røynsler med tidlegare skulegang eller dei av andre grunnar slit med låg sjølvkjensle. Denne informasjonen vert ofte ikkje inkludert i klargjeringa frå servicesenteret, og berre dersom kandidaten på eiga hand og

uoppfordra informerer om slike forhold blir dei vektlagt i den klargjeringa som er utgangspunktet for fagkonsulenten si realkompetansevurdering.

Fagkonsulentane innan hjelpepeleie og andre helse- og omsorgsfag som har det største arbeidspresset, gav uttrykk for at arbeidet med og til tider så tek arbeidet med realkompetansevurdering innan desse fagområda til tider tek ein større del av arbeidstida enn det er avsett ressursar til.

Utgangspunktet for ei realkompetansevurdering er som oftast IT-verktøyet 'REALDOK'. Fagkonsulentane er gjennomgåande godt nøgde med IT-verktøyet, men har nokre synspunkt på forbetringar. REALDOK' er basert på eksisterande læreplan, men det eksisterar ulike oppfatningar blant fagkonsulentane om korleis verktøyet skal tilpassast vurderingsprosessen, og motsett: korleis vurderingsprosessen skal tilpassast verktøyet. Generelt sett vert programvara oppfatta som brukarvenleg og innhaldsrik, men fordi fagkonsulentane er godt kjent med fagplanen frå før fokuserer ein del fagkonsulentar på fleksibilitet i sjølve vurderingsprosessen.

Innan yrkesfag som elektro kan fagkonsulentane på bakgrunn av eiga røynsle setje fokus på oppgåver og problemstillingar som er i kjernen av fagplanen. Dei fleste fagkonsulentane gjennomfører difor ei meir fokusert og persontilpassa vurdering baser på ein fri dialog. I denne samanhengen blir REALDOK meir nytta som ein mal eller disposisjon for gjennomgangen. Fagkonsulentane bruker god tid til å førebu kandidatane på strukturen i opplegget. Nokre av fagkonsulentane tek utskrift av innhaldet i REALDOK og fyller dette ut manuelt saman med kandidatane.

Eit hovudproblem knytt til IT-verktøyet er omgrepsapparatet. Reform 94 førte til ei teoretisering av yrkesfag og mange yrkesaktive kandidater kan ha problem med dei teoretiske omgrepa som fagplanane er fulle av og som difor dannar basis for programvara. Kandidatane har problem med å kople sine erfaringar med ulike arbeidsoppgåver til dei teoretiske omgrepa i læreplanane.

Vestlandsforskning sitt framlegg til endringar:

- Den ideelle situasjonen sett frå mange fagkonsulentar si side er at flest mogleg av dei er samlokalisert med servicesenteret, medan andre fagkonsulentar ser det ikkje som noko problem med ein moderat avstand. Dette dreg i retning av at den noverande situasjonen med tre servicesenter i Sogn og Fjordane fylke er ei god løysning.
- Den klargjeringa som servicesenteret gjer av kandidatar til realkompetansevurderinga omfattar ei detaljering av utdannings- og yrkesbakgrunn. I mange tilfelle er dette tilstrekkeleg, men det fins også kandidatar som har problem med å artikulere seg og presisere kva arbeidsoppgåver dei har utført i yrkeslivet og meistrar og nokre kandidatar kan ha dysleksi og andre funksjonshemmingar som gjer det vanskeleg å lesa eller beherska det skrevne mediet. Ein bør vurdere om servicesenteret i sin klargjeringsprosess også freistar å kartleggje slike tilhøve, noko som vil betre grunnlaget for fagkonsulenten ved realkompetansevurderinga ved at han i større grad enn i dag kan legge opp til ein dialog som er tilpassa den einskilde kandidaten.
- Vestlandsforskning er av den oppfatninga at IT-verktøyet REALDOK fungerer rimeleg godt til bruk i realkompetansevurderinga. Vestlandsforskning gjer likevel framlegg om malen vert noko endra. Slik spørsmåla i REALDOK i dag er formulerte, er dei i for stor grad tilpassa elevar i den vidaregåande skulen og deira erfaringsbakgrunn og i altfor lita utstrekning formulert slik at dei eignar seg som problemstillingar retta mot vaksne som ofte har ei lang og brei yrkeserfaring bak seg.
- Det bør setjast av ressursar hjå fagkonsulentane, slik at det vert rom for dei til å gje gjennomarbeida tilbakemeldingar til JÆRTEK på korleis REALDOK fungerer og kva som eventuelt bør gjerast for å forbetre systemet. Det same gjeld for dei tilsette ved Servicesentera.

Undervisarane

Vestlandsforskning har gjennomført personleg intervju med 6 av undervisarane. Tre underviser i helse- og omsorgsfag, herunder hjelpepleie, medan dei tre andre underviser innanfor almenne fag (naturfag, samfunnsfag og engelsk).

Hovudtyngda av kurs har vore innan ulike helse- og omsorgsfag, og då særleg innan hjelpepleie, men også innan almenne fag har det vorte arrangert mange kurs. I dei andre fagområda har det vore mange færre kurs med få deltakarar.

Alle dei seks undervisarane som Vestlandsforskning har intervjuet, har tradisjonell klasseromsundervisning på kursa sine. Undervisaren i naturfag har lagt ut oppgåver på Internett, slik at det også er mogleg for deltakarane på desse kursa å svara på oppgåvene via Internett. Få deltakarar har nytta dette høvet.

Ingen av undervisarane har vurdert å nytte IKT aktivt i undervisninga. Dette skuldast dels at det er svært ressurskrevjande å legge om undervisningsforma og dels at deltakarane ikkje har vist noko større interesse for IKT som arbeidsreiskap.

Undervisarane i almenne fag legg stor vekt på å ha kontakt med den einskilde deltakaren i forkant av kurset. Tilretteleggjing av undervisninga blir i stor grad bestemt på bakgrunn av kvalifikasjonane til deltakarane, herunder resultatet av realkompetansevurderinga, og samtalan med deltakarane før kurset startar. Nokre av undervisarane hadde også justert opplegget undervegs etter ein dialog med deltakarane. Undervisarane i helse- og sosialfag, herunder hjelpepleie, har eit meir fasttømra undervisningsopplegg frå gong til gong. Dette har samanheng med at dei einskilde helse- og sosialfaga kan delast inn i modular som er enkle å skilja frå kvarandre. Dermed er det også enkelt for den einskilde deltakaren å finne dei rette modulane å fylgja og kva slags delar vedkommande kan hoppa over eller lesa sjølv. Dette opplegget inneber at dialogen med deltakarane om studieopplegget vert noko meir intensiv i almenne fag enn i helse- og sosialfaga.

Undervisninga i almenne fag går føre seg på kveldstid, medan undervisninga i helse- og omsorgsfag er konsentrert til dagtid, ein gong i veka. Blant dei som har arbeid som

hovudaktivitet, får nokre permisjon med løn medan resten enten får permisjon utan løn eller må ta igjen tapt arbeidstid på eit seinare tidspunkt.

Ingen av undervisarane hadde lagt opp til systematisk, skriftleg evaluering etter avslutta kurs. Dei la vekt på at det var ein god dialog med deltakarane både før kurset starta opp og undervegs i kurset. Ein av undervisarane brukte av og til skriftleg evaluering i etterkant, men meinte at kvar gruppe var så ulik dei andre at det var vanskeleg å nytta resultatane frå ei evaluering som grunnlag for å tilrettelegge opplegget for neste gruppe.

Vestlandsforskning sitt framlegg til endringar:

- Det er svært få kurs for vaksne der ein i dag nyttar Internett som medium i opplæringa. Dette verktøyet kan gjera opplæringa meir fleksibel og gje rom for at deltakarane kan gå inn og ut av opplæringa i høve til eigne førehandskunnskapar. Dette er også ei viktig målsetjing ved Kompetansereforma.
- Fylkeskommunen bør leggje opp til at det på alle kurs, eventuelt alle kurs av ei viss lengde, blir gjeve høve til ei skriftleg evaluering av kurset, både undervegs og ved avslutta undervisning.

Undervisningsinstitusjonane

Vestlandsforskning har kartlagt synspunkta på relevante sider av Kompetansereforma hjå fire representantar for ulike undervisningsinstitusjonar i Sogn og Fjordane som m.a. har ansvaret for opplæring av vaksne med rett. To av representantane var tilsett ved den vidaregåande skulen i fylket, ein var tilsett ved AOF medan den fjerde representerte Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane. AOF og Folkeuniversitetet er medlemmar av Vaksenopplæringsforbundet. Alle dei fire undervisningsinstitusjonane har arrangert kurs for vaksne med fri rett til vidaregåande opplæring i høve til Kompetansereforma.

Undervisningsinstitusjonane er generelt godt nøgde med servicesentera sitt opplegg for innhenting av tilbud på kurs gjennom ein anbodskonkurranse, og dei meinte at anbodsutlysing

var ein betre og meir rettvis metode enn direkte kontakt mellom servicesenter og aktuell undervisningsinstitusjon utan at andre institusjonar har fått sjansen til å koma med eit tilbod.

Sjølv om dei gjennomgåande var godt nøgde med prosedyrane for innhenting av tilbod på kurs, var dei noko mindre nøgde med innhaldet i anbodsutlysingane.

Undervisningsinstitusjonane legg vekt på at anboda burde vore meir standardiserte, og at krava til dei tilhøyrande tilboda også burde vore lagt opp etter ein eins mal. I tillegg saknar dei ein større grad av presisjon i sjølve utlysinga over omfanget på kursa dei skal gje tilbod på. Denne faktoren er ofte ikkje nemnd i utlysinga, eller den er uklart formulert.

Undervisningsinstitusjonane hevdar at det i kurs for vaksne vert gjennomført både ei undervegsevaluering og ei sluttevaluering. Undervegsevalueringa kan både vera i skriftleg form eller ho kan vera av meir uformell karakter som t.d. muntleg tilbakemelding på tomannshånd eller i plenum. Sluttevalueringa skal vera skriftleg, og den har til føremål å sikra ein god kvalitet på dei etterfylgjande kursa.

Representantane for undervisningsinstitusjonane legg vekt på at informasjonen til personar med rett må bli betre, slik at fleire av desse får høve til å gjera bruk av sine rettar til realkompetansevurdering og vidaregåande opplæring. Det må gjerast meir bruk av aktiv informasjon, der servicesenteret eller koordinatoren gjev særskild tilrettelagt informasjon på stader der mange personar med rett er samla, t.d. ute på arbeidsplassane. Det har vist seg at passiv informasjonsspreiing gjennom brosjyrar, avisinnlegg og liknande ikkje når ut til tilstrekkeleg mange i målgruppa. Dette skuldast i stor grad at mange av dei aktuelle personane må motiverast og gjevast eit ekstra dytt før dei tek spranget over til å vitja eit servicesenter.

Dei frittstående undervisningsinstitusjonane er godt nøgde med at fylkeskommunen i 2002 har sendt ut melding om at desse undervisarane kan rekne pris på aktuelle kurstilbod. Dei sit likevel att med eit inntrykk av at dette skjer på dei områda der det er få deltakarar og der fylkeskommunen ikkje kan opprette heile klassar.

I dei tilfella dei frittstående undervisningsinstitusjonane har fått påmelde deltakarar til kurs i hjelpepleiarfaget, kontorfaget eller andre fag, har dei i samtale med fylkeskommunen vorte samde om at dei skal sende inn papira til

servicesentera for realkompetansevurdering. Resultatet av dette har vore at fylkeskommunen har tilbode desse deltakarane gratis undervisning i regi av dei fylkeskommunale undervisningsinstitusjonane. Dei frittstående undervisningsinstitusjonane må krevje ei deltakaravgift av sine kursdeltakarar for å finansiere slike tilbod.

Det har og vorte skipa nye kompetansesenter (Ny kompetanse på Eid) der initiativtakarane eller kontaktpersonane er tilsette i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Dei frittstående undervisningsinstitusjonane meiner det er grunn til å stille spørsmål ved om dette er eit resultat av reforma og om det er fylkeskommunen sitt verktøy for å ekskludere dei.

Tidligere hadde dei frittstående undervisningsinstitusjonane rammetilskot som dei kunne søkje på, og det vart avvikla kurs etter ein plan lagt på førehand. Institusjonane meiner det burde vore tilskotsordningar som gav studieforbunda ei rammetildeling slik at dei kunne legge inn dette tilskotet som subsidiar til den einskilde deltakar. Denne aktiviteten kunne dei dokumentert med eige kalkulasjonsskjema i etterkant når dei skulle få tilsendt oppgjer for kurset.

Det er og slik at fylkeskommunen skal godkjenne tiltaka til dei frittstående undervisningsinstitusjonane på førehand. Dette er ei ordning dei aksepterar, men denne godkjenninga treng ikkje vera på detaljnivå. Dei meiner rammegodkjenning burde vore godt nok heretter.

Dei frittstående undervisningsinstitusjonane meiner og at det bør setjast av økonomiske rammer som dei kan søke på, og planlegge innafor. Kvalitetsnivået kan vurderast i etterkant når deira elevar går opp til eksamen eller fagprøver.

Koordinator for realkompetansedelen i Fylkeskommunen

Realkompetansedelen av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane har vorte koordinert og styrt frå ein sentral Koordinator tilknytta Opplæringsavdelinga i Sentraladministrasjonen. Sidan 01.08.2001 har koordinatoroppgåva våre delt likt mellom Knut Vinsrygg i Opplæringsavdelinga og leiaren av Servicesenteret i Nordfjord Ove Bjørlo.

I det styringssystemet som er etablert mellom Koordinator og leiarane ved servicesentera inngår det ikkje noko planverk som inneheld fastlagde, operative mål for verksemda ved servicesentera, bortsett frå budsjettet, og dermed er det heller ikkje lagt opp til rutinar omkring tilbakemelding på måloppnåing og eventuelle avvik frå denne. Dei tre leiarane ved servicesentera og sentral Koordinator gjer eit grovmaske overslag over forventa kundetilstrøyming og forventa kursaktivitet i det kommande året i samband med den fylkeskommunale budsjettprosessen kvar haust. Etter at budsjettet for m.a. opplæringsavdelinga er vedteke i Fylkestinget, vert delar av budsjettet avsett til kvart av dei tre servicesentera som då får vedtekne rammer å halda seg til.

Prosjektkoordinatoren legg vekt på at den modellen dei har i dag for kommunikasjon mellom Koordinator og servicesenter fungerer godt, at informasjonsflyten er tilstrekkeleg og at ansvarlinene er klare og eintydige.

Lover, retningsliner og anna informasjon frå dei sentrale styresmaktene vedrørende realkompetansedelen av Reforma skal tolkast, bearbeidast og distribuerast vidare i organisasjonen av sentral Koordinator. Av og til er det leiaren ved Servicesenteret i Nordfjord som får denne oppgåva. Kyrkje-, Utdannings- og Forskingsdepartementet har delegert det sentrale mynde til Vaksenopplæringscenteret (VOX) som er ein institusjon med direktoratsliknande funksjonar.

Når det gjeld kommunikasjonen med VOX, så rapporterar sentral Koordinator til VOX ein gong i året. Denne rapporteringa går føre seg på eit standardisert skjema, men er ikkje nøgd med utforminga av skjemaet fra VOX, og meiner det burde ha vore lagt til rette for meir heilskapelege tilbakemeldingsrutinar der det også var rom for å gje individuelle synspunkt og vurderingar.

Koordinatorane er ikkje så godt nøgd med den kontakten i VOX som dei sentrale Koordinatorane har fått seg tildelt. Denne har dei høyrte lite frå og når dei treng råd, som t.d. kor store fullmakter dei har til å gjennomføre ulike tiltak, får dei ofte ikkje tilfredsstillande svar.

Kommunikasjonen internt i Sørvestsamarbeidet går føre seg ved at det er regelbundne møter mellom Koordinatorane i dei einskilde fylka som tilhøyrrer denne regionen. Tema som sjølve organiseringa av realkompetansedelen av Reforma, den praktiske tilpassinga av realkompetansevurderinga til fagopplæringa og den overordna utforminga av IT-verktøyet, REALDOK, har vore sentrale i dette forumet. Koordinatoren i Sogn og Fjordane legg vekt på at dette forumet har spelt ei viktig rolle både som følge av få styringssignal frå sentralt hald og på grunn av at Realkompetansedelen vart lagt opp som eit prøveprosjekt.

Koordinator har god kontakt med Fagopplæringssjefen. Dette skuldast den store skjæringsflata det er i oppgåver mellom dei to. Mange som ynskjer å ta fagbrev har arbeidspraksis som det kan vera aktuelt å godkjenne som ein del av praksisgrunnlaget for fagbrevet. Denne godkjenninga av praksis i samband med fagbrevet, kan enten utførast av fagopplæringskonsulent, som er det vanlegaste, eller av fagkonsulent på realkompetansevurdering dersom denne er kvalifisert for det og personen uttrykkjer eit ynskje om det. Dersom fagkonsulent ikkje er kvalifisert eller kandidaten ynskjer det, vert personen vist til fagopplæringa for praksisvurdering. Det er ikkje lagt opp til at ei realkompetansevurdering innafor eit yrkesfag også skal dekkja praksisvurderinga under lærlingeordninga.

Vestlandsforskning sine vurderingar

- Ei koordinatorrolle bør fyllast av ein person, eller av fleire personar på same administrative styringsnivå. Det kan bli ei rolleblanding og uklare ansvarsforhold når ein person både er leiar for eit servicesenter og fungerer som koordinator for m.a. servicesentera.
- Fylkeskommunen bør innføre prinsippet om mål- og resultatstyring i den vidare gjennomføringa av Kompetansereforma i fylket. Dette vil innebera at ein legg noko meir arbeid i å fastleggja måltal som grunnlag for budsjettprosessen om hausten. Desse måltala vert bindande for servicesentera og dei rapporterer kvartalsvis på korleis måloppnåinga er, og dersom det er avvik skal desse forklarast og tiltak skal leggjast fram for korleis måltala skal verta nådde i neste kvartal. Skal eit slikt mål- og resultatstyringssystem verka, må ein også gjera ei direkte kopling mellom økonomiske ressursar og grad av måloppnåing ved det einskilde servicesenteret.

Arbeidsgjevarane

Vestlandsforskning gjennomførde intervju med fem arbeidsgjevarar der tilsette hadde gjennomført ei realkompetansevurdering og/eller hadde byrja på vidaregåande opplæring for vaksne. Tre av arbeidsgjevarane var innafor helse- og omsorg, medan to var innafor nærings- og nyttingsmiddelindustrien.

Desse arbeidsgjevarane hadde fått kjennskap til Kompetansereforma gjennom annonsar i lokalavisene, og ein av dei hadde vore på informasjonsmøte i regi av fylkesavdelingane til NHO og LO.

I alle verksemdene/offentlege etatane var det dei tilsette som sjølve hadde teke initiativet både til gjennomføringa av realkompetansevurderinga og til å fullføre vidaregåande utdanning. Sjølv om dei ikkje tok det fyrste initiativet, var og leiarane interessert i at ein del av dei tilsette fullførte vidaregåande opplæring. For dei private verksemdene gjorde dette til at dei auka delen fagutdanna, og dette var noko dei kunne nytta både i marknadsføringssamanheng og når dei på einskilde marknader krav at tilsette med spesielle oppgåver skulle vera fagutdanna. Ei av verksemdene hadde og bede Servicesenteret gje informasjon om Kompetansereforma på eit allmøte.

Alle arbeidsgjevarane la vekt på at dersom dei mottar to søkjarar der den eine har delar av si utdanning i form av dokumentert realkompetanse og den andre har alt frå vidaregåande skule, ville dei jamstelt desse to dersom dei elles var like.

Arbeidsgjevarane etterlyser ein mal frå Servicesenteret når det gjeld dei arbeidsoppgåvene som dei tilsette må dokumentere for å kunne bli klarert for ei realkompetansevurdering. Slik som det fungerer i dag, er det ofte noko uklart kva detaljeringsgrad og kva slags oppgåver som er relevante å ta med.

Arbeidsgjevarane etterlyser og ein meir offensiv informasjonsstrategi frå servicesentera/Koordinator retta mot dei, slik at fleire personar med rett, anten gjennom eigen arbeidsgjevar eller på annan måte får kjennskap til Kompetansereforma og korleis dei kan gjera seg nytte av denne.

Fagopplæringsansvarleg

Vestlandsforskning har intervjuet to regionsansvarlege fagopplæringskonsulentar.

Dei fagopplæringsansvarlege har i mange høve samkøyrert sitt informasjonsarbeid med leiarane ved servicesentera, slik at personar med rett kan få ein samordna kjennskap både til Kompetansereforma og kva tenester fagopplæringa kan tilby.

Dei fagopplæringsansvarlege er kritiske til at den lange erfaringa som fagopplæringskonsulentane har når det gjeld å vurdere personar sin arbeidspraksis ikkje vart nytta når ein bygde opp REALDOK. Men dei legg vekt på at til tross for dette, er REALDOK ei god programvare til bruk i vurderinga av realkompetanse.

Dei framhevar og at fagopplæringa hadde mange, godt kvalifiserte personar med lang røynsle i vurdering av relevant arbeidspraksis. Nokre fleire av desse burde også hatt realkompetansevurdering i høve til Kompetansereforma som sitt arbeidsområde.

Dei fagopplæringsansvarlege meiner at arbeids- og ansvarsdelinga mellom servicesenteret og fagopplæringa er klart og eintydig. Dei legg mykje vekt på å formidle at samlokaliseringa fungerer godt, men at dette i stor grad er personavhengig. I Sogn og Fjordane kjem eit fleirtal av leiarane ved Servicesentera sjølv frå fagopplæringa og deira djupe innsikt i fagopplæringa sitt arbeidsområde har gjort samlokaliseringa til ei føremon. Samlokaliseringa opnar for ein tett dialog og rask avklaring av ulike problemstillingar som oppstår i skjæringsflata mellom servicesenter, realkompetansevurdering og fagopplæring.

1. Bakgrunn

1.1 Gap mellom kvalifikasjonskrava i næringslivet og kompetansen i arbeidsstyrken

Utover på 1990-talet vart det sett fokus på framskrivingar av folketalet som synte at veksten ville avta og at gjennomsnittsalderen i den yrksaktive del av folkesetnaden ville auka i tiåra framover. Dette er ikkje berre eit norsk, men også eit europeisk problem, og skuldast at dei store barnekulla i dei fyrste 20 åra etter 2. verdskrig vil byrja å tre ut av arbeidsstyrken rundt år 2010. Samstundes vil det då kome inn personar i arbeidsstyrken som er fødte på midten av 1980-talet og framover. Sidan fødselskulla dei siste 20 åra har vore mindre enn dei årlege fødelstala etter krigen, vil det årlege tilskotet av ny arbeidskraft vera mindre enn det årlege fråfallet frå arbeidsstyrken. Dette vil også føra til at arbeidsstyrken etterkvart får eit større innslag av eldre arbeidskraft slik at gjennomsnittsalderen aukar.

I perioden frå 1951 til 1960 vart det årleg fødd 2.058 born i Sogn og Fjordane, medan det i perioden frå 1986 – 1995 berre vart fødd 1.484 born i året. Frå tabell 1 ser me at befolkningsamansetjinga i Sogn og Fjordane vil endra seg frå 2001 og fram til 2020. I 2001 var 46,3 prosent av folket i Sogn og Fjordane aldersgruppa 20 – 55 år, dette vil gå ned til om lag 42,5 prosent i 2020. I den same perioden vil den delen av folket som er i aldersgruppa 55 – 66 år auke med 4 prosentpoeng, frå 10,8 prosent til 14,8 prosent av befolkningen.

Det samla folketalet i Sogn og Fjordane har gått ned dei fem siste åra, frå 107.989 peronar ved inngangen til 1997 til 107.280 personar ved inngangen til 2002. Nedgangen i folketalet frå 2001 til 2002 var den største på over 50 år. Denne utviklinga syner at dei framskrivingane av folketalet i Sogn og Fjordane som Statistisk sentralbyrå gjennomførde i 1999, og som er attgjevne i tabell 1, truleg er for optimistiske. Det er like store sjansar for at folketalet går ned frå 2001 til 2020 som det er at det aukar med 5.000 slik SSB førset.

Dei komande 20 åra vil dermed bli kjenneteikna av ein avtakande vekst i folketalet (kanskje ein nedgang) og ein aldrande yrkesaktiv befolkning.

Tabell 1. Befolkninga i Sogn og Fjordane etter alder. 2001 og 2020 (framskriving).

	Under 20 år	20 – 39 år	40 – 55 år	55 – 66 år	67 år og eldre	Totalt
2001	29.970	28.230	21.609	11.580	16.201	107.590
	27,9%	26,2%	20,1%	10,8%	15,1%	100,1%
2020	28.995	27.130	20.824	16.655	19.147	112.751
	25,7%	24,1%	18,4%	14,8%	17,0%	100,0%
2001-2020	-2,2p.p.	-2,1p.p.	-1,7p.p.	4,0p.p.	1,9p.p.	

Kjelde: Statistisk sentralbyrå sine befolkningsframskrivingar.

Dette skjer samstundes med at kompetansekrava i næringslivet aukar sterkt. Utdanningsnivået blant dei sysselsette og i folkesetnaden generelt er mykje høgare i dag enn for 20 sidan, og den delen av ungdomen som no tek utdanning på universitet eller høgskule er også større enn nokon gong tidlegare. I 1980 hadde 44,5 prosent av folkesetnaden i Norge berre grunnskule som si høgaste utdanning. Denne delen er blitt meir enn halvert på 20 år, fordi det i 2000 berre var 22 prosent av alle nordmenn som hadde grunnskule som si høgaste utdanning. I det same tidsrommet har det vore ei dobling av den delen som er utdanna ved universitet eller høgskular.

Dette viser at kompetansekravet på arbeidsmarknaden er større no enn før, og at krava er aukande. I tillegg til dette, er også endringane i kompetansekrava frå næringslivet blitt stadig større, noko som heng saman med endringar i teknologi, større marknader, betre kommunikasjonstilhøve og dermed sterkare konkurranse innan dei fleste næringar.

Tabell 2. Befolkninga i Norge etter høgaste utdanning. 1980 og 2000. Prosenvis fordeling.

	Grunnskule	Vidaregåande skule	Universitet eller høgskule. Inntil 4 år	Universitet eller høgskule. 4 år eller meir.	Totalt
1980	44,5%	44,4%	8,8%	2,4%	100,1%
2000	22,0%	56,3%	17,2%	4,7%	100,2%
1980-2000	-22,5 p.p.	11,9 p.p.	8,4 p.p.	2,3 p.p.	0,1 p.p.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå sin utdanningsstatistikk.

Utover 1990-talet blei styresmaktene merksame på at gapet mellom kvalifikasjonane til ein stadig eldre arbeidsstyrke og det aukande, og raskt svingande, kompetansebehovet som nærings- og arbeidslivet har, ville veksa i åra framover dersom ein ikkje tok effektive verkemiddel i bruk.

Det var desse utfordringane som låg til grunn for at den dåverande Regjeringa i september 1996 oppnemnde eit offentleg utval, Buer-utvalet. Dette utvalet fekk i oppdrag å sjå på ulike verkemiddel som kunne nyttast for å auka kvalifikasjonane til og fleksibiliteten i arbeidsstyrken og samstundes stimulere personar utanfor arbeidsstyrken til aktiv yrkesdeltaking. På den måten kan arbeidsstyrken bli betre i stand til å imøtekoma dei framtidige kompetansekrava.

Resultata frå arbeidet i utvalet vart 01.10.97 publisert som NOU 1997:25 *Ny kompetanse*. Etter at innstillinga hadde vore gjennom ein brei høyringsrunde, la Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet fram Stortingsmelding nr.42 (1997 – 1998) *Kompetansereforma* som baserer seg på NOU-en, høyringsfråsegner og Regjeringa sine vurderingar. Meldinga blei handsama i Stortinget den 28.01.99.

1.2 Målsetjingar for Kompetansereforma

Målgruppa for Kompetansereforma er alle vaksne i og utafor arbeidsmarknaden. Den overordna målsetjinga med Kompetansereforma er å auka kompetansen og fleksibiliteten i arbeidsstyrken. Reforma skal gjennomførast som ein prosess der både arbeidsgjevarar, arbeidstakarar og det offentlege må bidra aktivt.

Viktige delmål for kompetansereforma:

- Kompetansebehova i arbeidslivet, i samfunnet og til individet må utgjera basis.
- Reforma skal ha eit langsiktig perspektiv, og gjennomføringa skal skje stegvis med basis i økonomiske og organisatoriske rammevilkår.
- Både grunn- og etterutdanninga¹ for vaksne skal i størst mogleg grad vera styrt av etterspurnaden, vera fleksibel, tilgjengelig og tilpassa behova til verksemdar og einskildindivid. Opplæring skal leggast til rette og bygge på den einskilde sin

¹ Etterutdanning vert her nytta om all utdanning som ikkje er formelt kompetansegevendende innafor område til grunnskulen, vidaregåande skule og høgskule/universitet. Etterutdanning vil difor omfatte eit vidt spekter av utdannings- og opplæringstiltak som varierer både i lengde, omfang og når det gjeld dokumentasjonsformer.

kompetanse, både den som allereie er dokumentert gjennom grunnutdanning², og realkompetanse³.

- For den vidare kompetanseutviklinga skal det verta etablert eit system for dokumentasjon og verdsetting av dei vaksne sin realkompetanse. Systemet skal ha legitimitet både i arbeidslivet og i utdanningssystemet.
- Opptak til vidaregåande opplæring og høgare utdanning skal kunne skje på bakgrunn av den samla kompetansen hjå den einskilde.
- Større vekt på kompetanseutvikling for arbeidslivet i det offentlige utdanningssystemet må ikkje skje på bekostning av grunnutdanninga, men bidra til å styrka denne.
- Det må bli eit betre samspel mellom utdanningstilbydarane og arbeidslivet med tanke på at arbeidstakarane i størst mogleg grad kan ta del i kompetanseutviklinga utan å bli trekt unødig vekk frå arbeidsplassen.

1.3 Innhaldet i Kompetansereforma

1.3.1. Opplæring på grunnskulenivå og vidaregåande skule sitt nivå

a) Regjeringa vil leggja til rette for at vaksne som i dag ikkje har fullført grunnskuleopplæringa, skal få tilbod om dette. Opplæringa skal ta utgangspunkt i den einskilde sine føresetnader og samla kompetanse og leggast til rette både organisatorisk og metodisk for å møte dei vaksne sine behov.

b) Regjeringa vil leggja til rette for at vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, skal få tilbod om dette. Opplæringa skal ta utgangspunkt i den einskilde sine føresetnader og samla kompetanse og leggast til rette både organisatorisk og metodisk for å møte dei vaksne sine behov. Det er viktig at det vert utvikla tilbod som gjer det mogleg å gjennomføre opplæring som byggjer på ei veksling mellom arbeid og skulegang/studiar.

Fylkeskommunane får ei lovfesta plikt til å gje tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne som ikkje har dette frå før.

² Grunnutdanning vert her nytta om all formell, kompetansegejvande opplæring på område til grunnskulen, vidaregåande skule og høgskule/universitet uavhengig av om dei som tek utdanninga er born, unge eller vaksne, og uavhengig av tidspunktet dei gjennomfører opplæringa på.

³ Realkompetanse vert her nytta om all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom betalt eller ubetalt arbeid, etterutdanning, fritidsaktivitetar og anna, og som kjem i tillegg til den kompetansen vedkommande har dokumentert gjennom grunnutdanning. «Dokumentasjon av realkompetanse» tyder dokumentasjon av den kompetansen som ikkje allereie er dokumentert gjennom grunnutdanninga.

1.3.2. Rett til permisjon

Stortinget vedtok i November 1999 ei endring i Arbeidsmiljølova som gjev arbeidstakarar individuell rett til utdanningspermisjon. Utdanning ut over grunnskule eller vidaregåande opplæring må vera yrkesrelatert for å gje rett til permisjon.

1.3.3. Finansiering av livsopphold og skatteforhold

Eit utval oppnemnd av Regjeringa har gjort framlegg om endringar i reglane for utdanningsfinansiering. Formålet med desse endringane er å tilpasse studiefinansieringa til vaksne som gjennomfører kompetansehevande tiltak. Det er også gjort nokre endringar i Skattelova når det gjeld den skatterelaterte handsaminga av utdanning finansiert av arbeidsgjevar.

Regjeringa har også lagt til grunn at dersom partane i arbeidslivet ynskjer å etablere særskilde ordningar for finansiering av livsopphald ved kompetanseutvikling, utover den offentlege studiefinansieringa, så er dette eit ansvar for partane åleine. Korkje i dei sentrale lønsforhandlingane i 2000, 2001 eller våren 2002 har spørsmålet om livsopphald ved kompetanseutvikling vore tema.

1.3.4. Dokumentasjon av realkompetanse

Det skal etablerast eit system for dokumentasjon og verdsetjing av dei vaksne sin realkompetanse. Det er eit mål at systemet har legitimitet både i arbeidslivet og i utdanningssystemet. Fylgjande tiltak skal iverksetjast:

- Privatistordninga held fram.
- Dokumentasjonsordningar som gjev grunnlag for verdsetjing i høve til det offentlege systemet. Dette gjeld mellom anna dokumentasjon av kompetanse erverva gjennom løna arbeid i inn- og utland og gjennom frivillig arbeid. Slik realkompetanse skal kunne godkjennast som «likeverdige kompetanse» sjølv om han ikkje er identisk med det som er fastsett i læreplanar og ved offentlege eksamenar.
- Fylkeskommunane er invitert til å prøve ut ordningar med å fastsetje realkompetansen i forhold til vidaregåande opplæring. Det vart frå og med hausten 2000 sett i gang forsøk i nokre fylkeskommunar der ein prøver ut ulike metodar for fastsetjing av realkompetanse.

- Det skal etablerast ein rådgjevande instans for fastsetjing av realkompetanse i høgare utdanning. Instansen vil kunne gje råd til utdanningsinstitusjonane som fastset om kompetansen er likeverdig.

1.3.5. Opptak til grunntdanning

Regelverket før kompetansereforma gav også opning for opptak av vaksne til vidaregåande opplæring og høgare utdanning på grunnlag av dokumentert likeverdig realkompetanse. Men denne ordninga var tidlegare lite utnytta og for restriktivt praktisert. Eitt av formåla med kompetansereforma er at vaksne med ein dokumentert likeverdig kompetanse kan bli tatt inn på det progresjonsnivået der dei høyrer heime. Dette vil gjelde innafor både vidaregåande opplæring og høgare utdanning.

1.3.6. Fleksible tilbod og arbeidsplassen som læringsarena

Et viktig element i reforma er å utvikle eit opplæringstilbod som utnyttar dei store moglegheitene som ligg i arbeidsplassen som læringsarena. Det dreier seg om samarbeidsprosjekt mellom arbeidslivet og opplæringstilbydarar for å legge opp til systematisk kompetanseutvikling.

1.3.7. Tilbydere av opplæring

Sjølv om mykje av opplæringa etterkvart skal planleggjast og gjennomførast av partane i fellesskap, tilseier kompetansereforma at det offentlege utdanningssystemet skal spele ei sentral rolle når det gjeld å tilby opplæring som er tilpassa kompetansebehova i arbeidslivet. Dette skal m.a skje ved

- ein omfattende utviklingsprosess i heile det offentlege utdanningssystemet, der eksisterande regelverk, pedagogiske metodar, organisering og styring vert gjennomgått for å tilpasse både grunnskulen, vidaregåande opplæring og høgare utdanning til kompetansereforma for vaksne.
- at regelverket for institusjonar innafor høgare utdanning vert mjuka opp, slik at institusjonane betre kan tilby utdanning retta inn mot behova på arbeidsmarknaden.
- å utvikle eit konstruktivt samspel mellom det offentlege utdanningssystemet og andre tilbydarar av utdanning, t.d. studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar, folkehøgskular og andre.
- å stimulere til system for samarbeid mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonane.

- å stimulere bruken av elektroniske nettverk og ta i bruk multimediebaserte læremiddel m.a. i opplæringsstilbud organisert som fjernundervisning.
- å iverksetja kompetanseutviklingsprogram for lærarar og instruktørar i utvikling og bruk av undervisningsopplegg tilpassa vaksne sin realkompetanse og livssituasjon.

1.4 Gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane

Handlingsplanen for Kompetansereforma legg opp til at ho skal innførast gradvis fram til 2003. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har ved utgangen av 1.halvår 2002 gjennomført delar av reforma.

Det er utvikla eit system og ein organisasjon for vurdering, verdsetjing og dokumentasjon av realkompetanse. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har i skuleåret 2001/2002 sett i gang om lag 20 klassar/grupper særskilt tilrettelagt for vaksne, og i tillegg er det sett i gang nettbaserte opplæringsløysingar innafor almenne fag og kontorlag. Dei fleste kursa er arrangert av den vidaregåande skulen, men også AOF og Friundervisninga gjennomfører opplæring innan nokre fagområde. Undervisninga går føre seg enten på kveldstid eller dagtid, og det er også tilbod om opplæring på deltid.

Fylkeskommunen og servicesentera har gjennomført ulike informasjonstiltak retta mot vaksne som har rett til vidaregåande opplæring. Annonsar i dagspressa, møte med representantar for einskilde kommunar og næringsssamskipnader samt trykt informasjon til mange husstandar er dei kanalane som har vore mest nytta.

Fylkeskommunen har ikkje fullt ut gjennomført dei delane av reforma som omhandlar etableringa av ulike læringsarenaer, og det er mangel på vaksenpedagogisk kompetanse i fylket.

1.4.1 Gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane

Det koordinerande ansvaret for gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane er lagt til Opplæringsavdelinga i Fylkeskommunen. Her er det etablert to koordinatorar; ein koordinator som har det overordna ansvaret for realkompetansedelen av prosjektet og ein koordinator som har hovudansvaret for opplæringsdelen av reforma og koordineringa av samt samarbeidet mellom arbeidslivet og opplæringsstilbydarane for å legge opp til systematisk kompetanseutvikling.

For å kunne realisere realkompetansedelen av reforma, har Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane etablert tre servicesenter, eitt i Luster kommune, eitt i Førde kommune og eitt i Eid kommune. Servicesenteret i Luster skal handtere kundar som er busette i Indre Sogn, dvs i kommunane Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Lærdal, Aurland, Årdal og Luster. Servicesenteret i Førde skal ta seg av kundar som er busette i Ytre Sogn eller Sunnfjord, dvs i kommunane Høyanger, Hyllestad, Gulen, Solund, Askvoll, Fjaler, Gaular, Naustdal, Jølster, Florø og Førde. Servicesenteret i Eid skal handtere kundar som er busette i Nordfjord, dvs i kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal.

Dei tre servicesentera har til oppgåve å ta i mot søkjarane, enten dei tek kontakt pr. telefon, pr.e-post eller ved personleg frammøte. Dei skal gje rettleiing om innhaldet i Kompetansereforma og dei rettar eller moglegheiter som den einskilde kunde har i høve til denne reforma. På bakgrunn av dei ynskjemål som kundane har, skal servicesentera gje råd om kva delar av Reforma som passar best i høve til kundane sine egne preferansar. Dersom kunden ynskjer å få gjennomført ei realkompetansevurdering skal servicesenteret klargjere vedkommande for dette. Senteret skal deretter kontakte den vidaregåande skulen som har fagpersonar til å gjennomføre sjølve realkompetansevurderinga. Kunden blir så kontakta av den vidaregåande skulen for å avtale tidspunkt og stad for realkompetansevurderinga.

I Sogn og Fjordane er det etablert eit nett av såkalla fagkonsulentar, som i all hovudsak er undervisningspersonale ved ein av dei vidaregåande skulane i fylket. Nokre få fagkonsulentar er tilsette i større verksemder. Fagkonsulentane er ekspertar på fagplanane innan dei einskilde fagområda i den vidaregåande opplæringa, og desse skal gjennom realkompetansevurderinga finne det kunnskapsnivået innafor det aktuelle fagfeltet som kunden har tillegna seg gjennom tidlegare grunnutdanning, etterutdanning, uløna og løna arbeid. Dette kunnskapsnivået skal jamførast med dei krava som ligg i den aktuelle fagplanen, og på det grunnlaget blir kunden sin realkompetanse bestemt. Kunden får då på bakgrunn av sin realkompetanse, eventuelt, godkjent einskilde eller alle modulane på vidaregåande nivå innafor eit bestemt fagområde.

For at fagkonsulentane skal kunne gjennomføre gode og einsarta vurderingar av kundemassen, er det utvikla ei programvare kalla REALDOK. Programvara er utvikla og blir drifta av selskapet JÆRTEK i Rogaland. Grunnlagsdataene i programmet består av

fagplanane i dei einstilte faga i den vidaregåande opplæringa, der kvart fag er delt inn i ulike modular. Innafor kvar modul er det sett inn ei rekkje konkrete spørsmål og meir generelle problemstillingar. Som grunnlag for vurderinga har Servicesenteret lagt inn kunden sin formelle utdanning og den dokumenterte etterutdanninga, løna og uløna arbeid som vedkommande har hatt. Der startar fagkonsulentane sitt arbeid og han/ho stiller dei spørsmåla og presenterer kunden for dei generelle problemstillingane innafor dei modulane som høyrer inn under det fagområdet han skal realkompetansevurderast i forhold til. Ut frå kor stor del av spørsmåla og problemstillingane som kunden svarar rett på, gjer programverktøyet eit framlegg på om vedkommande skal godkjennast for den einstilte modulen eller ikkje. Dette framlegget kan overstyrast, og det er fagkonsulentane som tek den endelege avgjerda på om kunden kan godkjennast i den einstilte modulen. Fagkonsulentane har også rom for å stilla fleire, eventuelt andre spørsmål og reisa andre problemstillingar enn det dataverktøyet legg opp til. Dette skuldast dels at verktøyet ikkje inneheld fagplanar for alle fag i den vidaregåande opplæringa og dels at fagkonsulentane av og til finn innhaldet i dataverktøyet noko mangelfullt til å kunne gjera ei fullstendig vurdering av kunden.

Dataverktøyet inneheld også ein eigen del der resultatet frå realkompetansevurderinga vert jamført med det som skal til for å få godkjent fullført vidaregåande opplæring i det aktuelle faget. Denne gap-analysen syner dei modulane innafor faget som fagkonsulentane har godkjent, og kva slags modular som gjenstår for at kunden skal få fullført vidaregåande opplæring. REALDOK kan også gje ei utskrift som syner dei godkjente modulane. Denne tener som prov eller vitnemål på oppnådd realkompetanse, og skal signerast av rektor ved den vidaregåande skulen der fagkonsulentane er tilsett.

Dersom kunden på bakgrunn av realkompetansevurderinga ynskjer å ta dei modulane som manglar for å fullføre vidaregåande opplæring, og vedkommande tilhøyrer den gruppa som har slik rett, vil Servicesenteret ta initiativ til at vedkommande får ei tilrettelagt undervisning i nærleiken av der dei bur. Dette blir gjort ved at servicesenteret enten lyser ut eit anbod gjennom lokalavisene på undervisning innafor det aktuelle fagområdet eller dei spør den aktuelle undervisningsinstitusjonen direkte. Anbødet inneheld opplysningar om fagområde, overslag over talet på deltakarar og området der undervisninga bør gå føre seg. Utdanningstilbydarane gjev så eit tilbod om pris, undervisningsopplegg, tidsperiode og undervisningsstad, og Servicesenteret avgjer deretter kven som får oppdraget.

2. Oppdraget

Det nasjonale realkompetanseprosjektet vert avslutta 31.07.2002, og den einssilde fylkeskommune har hatt eit stort handlingsrom i val av verkemiddel for å kunne gjennomføra denne delen av kompetansereforma. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har bedt Vestlandsforskning om å foreta ei evaluering av delar av Kompetansereforma i fylket med hovudvekt på gjennomføringa av realkompetansedelen.

Evalueringa vil freista å kartlegge korleis realkompetansedelen av Reforma er gjennomført på i Sogn og Fjordane. Vi vil i fyrste rekkje analysere korleis modellen med tre servicesenter, fagkonsulentar og dataverktyet for realkompetansevurdering har verka. Det er i denne samanheng viktig å kaste lys over ulike sider ved aktiviteten til servicesentera som tilgjenge, tenestesppekter, servicetype, servicenivå og kundehandtering. Når det gjeld fagkonsulentane vil faktorar som tilgjenge, servicenivå, fleksibilitet og kundehandtering vera viktige for å kunne vurdere fagkonsulentane si rolle. Dataverktyet for realkompetansevurdering skal vera eit sentralt hjelpemiddel i arbeidet med å vurdere realkompetansen til personar med rett. Vi vil kartlegge fleksibiliteten til verktyet, kor brukarvenleg det er, korleis innhaldet og funksjonaliteten er i forhold til brukarane sine krav og forventningar og kor lett det er å oppdatere.

I tillegg til dette, vil vi også freiste å kartlegge utdanningstilbodet til vaksne med rett. Vi vil analysere korleis tilbodet er i forhold til behova og i kva grad brukarane er nøgde med tilbodet.

For å kunne gjennomføre desse analysane vil Vestlandsforskning samle inn data frå dei ulike gruppene som er involvert i gjennomføringa av Kompetansereforma. Den mest sentrale gruppa, dei med rett, vil bli kartlagt med sikte på å få informasjon om i kva grad dei har fått dei tenestene dei hadde behov for og har rett til og kor nøgde dei er med desse tenestene. For å få eit heilskapleg syn på gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane må det også hentast inn informasjon frå andre involverte aktørar, som leiarane ved servicesentera, koordinatoren i Fylkeskommunen, fagkonsulentane som utfører realkompetansevurderinga, fagopplæringsjefen, representantar frå opplæringsstilbydarane og arbeidsgjevarar som har tilsette som har gjennomført ei realkompetansevurdering. Ut frå kvar sin ståstad vil desse aktørane gje sine vurderingar av korleis Kompetansereforma generelt og realkompetansedelen

spesielt er gjennomført på i Sogn og Fjordane, korleis den verkar, og kva som eventuelt bør justerast.

Med dette som utgangspunkt, vil Vestlandsforskning konsentrere evalueringa kring fylgjande fem område av Kompetansereforma:

- Dei tre servicesentera og fagkonsulentane
- Det IT-baserte kartleggingsverktøyet
- Utdanningstilbydarane og arbeidsgjevarane
- Samhandlinga mellom dei ulike aktørane
- Behov for og vurderingane av dei ulike tenestene frå personar med rett

2.1 Personar med rett, servicesentera og fagkonsulentane

Når det gjeld dei tre servicesentera og fagkonsulentane si rolle i gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane og vurderingane til personar med rett, vil vi m.a. kartleggja fylgjande tilhøve:

- Kartlegge korleis Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har spreidd informasjon om Kompetansereforma.
- Kartlegge om informasjonen har nådd målgruppa.
- Kartlegge kva som var dei viktigaste informasjonskjeldene for målgruppa.
- Får kundane den informasjonen og den hjelpa dei har behov for ved servicesenteret?
- Får dei rask og rett informasjon om dei tenestene servicesenteret kan yte?
- Får kundane god rettleiing i dei ulike sidene ved Kompetansereforma som dei er interesserte i?
- Får kundar som har behov for det informasjon om ulike typar yrker og utdanningar?
- Får dei klarlagt sin realkompetanse raskt og rett?
- Svarte resultatet av kompetansevurderinga til kunden sine egne forventningar?
- Får kundane god informasjon om retten til gratis, vidaregåande opplæring, kvar utdanningstilbodet fins, og når dei kan ta til på den aktuelle opplæringa?

- Må kundane vente lenge før dei kan ta til på denne opplæringa?
- I kva form er/var opplæringa? Var det som undervisning med lærar til stades, var det i form av eit program på Internett, var det i form av brevkurs eller føregjekk opplæringa i eiga/andres verksemd?
- I kva grad er kundane nøgde med den opplæringa dei får/fekk? Dette gjeld både opplæringsform, innhald og pensum.
- Blir opplæringa gjennomført på heiltid eller deltid, på kveldstid eller dagtid?
- Arbeider kunden i verksemda på deltid samstundes med opplæringa? Korleis var opplæringa lagt opp i høve til det ordinære arbeidet?

2.2 Det IT-baserte kartleggingsverktøyet

- Kor nøgde er fagkonsulentane med det IT-baserte kartleggingsverktøyet?
- Er verktøyet enkelt og fleksibelt i bruk?
- Kva slag element er det eventuelt som manglar, og kva er det som kan forbetrast?
- Korleis fungerer oppdateringsrutinane rundt verktøyet?
- Er verktøyet tilstrekkeleg spesialisert til å kunne handtere dei fleste typar av realkompetanse?
- Nyttar fagkonsulentane manuelle rutinar i tillegg til IT-verktøyet?
- Inneber verktøyet ein monaleg tidssparing i høve til det å gjera heile realkompetansevurderinga manuelt?

2.3 Samhandlinga mellom dei ulike aktørane

- Korleis fungerer samarbeidet mellom Servicesenteret og fagkonsulentane i samband med realkompetansevurdering. Er det ein klar eller uklar ansvars- og oppgåvefordeling? Er servicesenteret si klargjering av dei som ynskjer ei realkompetansevurdering tilfredsstillande utført? Er fagkonsulentane raske med å innkalle kunden til vurdering etter at servicesentret er ferdig med klargjeringa?
- Korleis oppfattar tilbydarane av opplæring (dvs dei vidaregåande skulane, AOF eller vaksenopplæringsforbundet) sitt samarbeidet med det nærliggjande servicesenteret? Er krava til innhald i opplæringa i samsvar med det faglege nivået til deltakarane? Er nivået på opplæringa tilpassa det faglege nivået til kundegruppa? I kva grad er tilbydarane fleksible i høve til

dei krava som servicesenteret stiller når det gjeld utforming, tidspunkt og opplegg for undervisninga?

- Korleis fungerer samarbeidet/samlokaliseringa av servicesentera og fagopplæringskontoret?
- Korleis fungerer samarbeidet mellom Servicesentera og koordinatoren (prosjektleiaren) i Fylkeskommunen.

2.4 Arbeidsgjevarane og utdanningstilbydarane si rolle

- Korleis har arbeidsgjevarane lagt til rette for at arbeidstakarar i målgruppa skal få gjennomført vidaregåande opplæring?
- Kjenner arbeidsgjevar eit behov for at arbeidstakarar gjennomfører vidaregåande opplæring?
- Forventar arbeidsgjevar at dei arbeidstakarane som har gjennomført vidaregåande opplæring blir meir produktive?
- Får arbeidstakar høgare løn dersom han/ho gjennomfører vidaregåande opplæring?
- Korleis samanliknar arbeidsgjevar personar med realkompetansebevis i forhold til personar med tilsvarande kompetanse frå den vidaregåande skulen?
- Har arbeidsgjevar teke initiativet til at arbeidstakarar skal gjennomføre ei realkompetansevurdering og/eller fullføre vidaregåande opplæring?
- Kva slags synspunkt har utdanningstilbydarane på at servicesentera no baserer seg på innhenting av anbod når talet på deltakarar er minimum 10 personar mot tidlegare praksis der dei plukka ut kursarrangør direkte?
- Kva meiner utdanningstilbydarane om utforminga av anboda?
- Kva tilbakemeldingar har utdanningstilbydarane fått frå brukarane?

2.5 Utval og metode

For å kunne svara på dei problemstillingane som vart reist ovanfor, har Vestlandsforskning gjennomført intervju av:

- Koordinator ved Fylkeskommunen
- Leiarane ved dei tre servicesentera
- Sju av dei fagpersonane som har nytta verktøyet for realkompetansevurdering mest

- Fem arbeidsgjevarar som har tilsette som har gjennomført ein realkompetansevurdering
- To av koordinatorene ved dei vidaregåande skulane
- Fagopplæringsjefen

I tillegg til desse, vart det sendt ut spørjeskjema til 250 av dei om lag 550 personane som har søkt eitt av servicesentera for å få gjennomført ei realkompetansevurdering. Utvalet blei fordelt på servicesenter i høve til den samla søkjarmassen ved dei einskilde sentera. Dette førte til eit bruttoutval på 125 personar som var registrert ved servicesenteret i Eid, 65 personar som var registrert ved servicesenteret i Førde og 60 personar som var heimehøyrande ved servicesenteret i Luster.

For å sikre oss at vi fekk både personar som hadde gjennomført ei realkompetansevurdering og personar både hadde gjennomført ei realkompetansevurdering og deretter byrja på vidaregåande opplæring blei bruttoutvalet delt i to. Av dei 125 personane registrert på Eid, hadde 80 berre gjennomført realkompetansevurderinga, medan 45 personar i tillegg hadde byrja på vidaregåande opplæring. Blant bruttoutvalet på 65 personar ved servicesenteret i Førde hadde 40 berre gjennomført realkompetansevurderinga, medan 25 personar i tillegg hadde byrja på vidaregåande opplæring. Blant dei 60 personane i bruttoutvalet frå Sogn, hadde 30 gjennomført realkompetansevurderinga, medan dei 30 andre både hadde gjennomført ei realkompetansevurdering og påbyrja vidaregåande opplæring.

Basert på røynsle, er det grunn til å venta svar frå om lag 40 prosent av utvalet etter ei utsending. Me sit då att med eit nettoutval på om lag 100 personar. Dette skal vera eit tilstrekkeleg tal for å oppnå eit 90 prosent sikkert svar med avvik på maksimum 5 prosent begge vegar. Vi har og kontrollert for observerbare kjennteikn ved dei som har svart og samanlikna verdiane med dei som ikkje har svara.

3. Personar med rett

I dette kapittelet presenterer vi resultatane frå spørjeundersøkinga av personar som enten har gjennomført ei realkompetansevurdering og/eller byrja på vidaregåande opplæring. I mange av tabellane vil det stå eit tal som er høgare enn talet på personar som deltok i denne granskinga. Dette skuldast at ein person kan svare på fleire alternativ under det aktuelle spørsmålet.

3.1 Kjenneteikn ved personar med rett

Blant dei 91 personane som responderte på Vestlandsforskning sitt spørjeskjema var 84 prosent kvinner. Dette har samanheng med at det er tilsette innan helsefag som er i klart fleirtal blant personar som gjennomfører ei realkompetansevurdering. I tillegg er det ein noko høgare del blant kvinner som svarar på spørjeskjemaundersøkingar.

Tabell 1. Kjønn

	Talet på personar	I prosent
Kvinner	76	83,5%
Menn	15	16,5%
I alt	91	100,0%

Nesten 41 prosent av dei som melder seg på servicesentera er ein stad i 40-åra. Dette er ofte ufaglærte kvinner i helsevesenet som etterkvart har sett seg forbigått av yngre kollegaer med fullført fagutdanning. Gruppa er og samansett av personar som i 1970-åra berre gjekk på grunnkurs eller VKI og som no ynskjer å fullføre denne utdanninga.

Det er elles verdt å merke seg at kvar sjette person som kontaktar eit servicesenter for gjennomføring av ei realkompetansevurdering og/eller for å fullføre vidaregåande opplæring er over 50 år.

Tabell 2. Aldersgruppe

	Talet på personar	I prosent
20 – 29 år	14	15,4%
30 – 39 år	25	27,5%
40 – 49 år	37	40,7%
50 – 59 år	13	14,3%
60 år og over	2	2,2%
I alt	91	100%

Aldrssamansetjinga vert og til ein stor grad reflektert i talet på år personane har vore ute i yrkeslivet. Personar med rett har ofte ei lang yrkeskarriere bak seg, der 42 prosent har ein

yrkeserfaring på meir enn 20 år medan over tre fjerdedelar har vore i yrkeslivet i meir enn 10 år.

Tabell 3. Talet på år i yrkeslivet

	Talet på personar	I prosent
Mindre enn 1 år	1	1,1%
1 – 2 år	0	0,0%
3 – 5 år	8	8,8%
6 – 10 år	11	12,1%
11 – 20 år	33	36,3%
Meir enn 20 år	38	41,8%
I alt	91	100%

Om lag 6 prosent av dei som melder seg ved eit servicesenter har vakse opp i eit anna land enn Norge.

Tabell 4. Landet personen er oppvaksen i.

	Talet på personar	I prosent
Norge	86	94,5%
Eit anna land	5	5,5%
I alt	91	100%

Vel tre av fire personar med rett var i jobb på tidspunktet for realkompetansevurderinga, enten heiltidsjobb eller deltidjobb. Ein av ti var arbeidslaus, medan berre ein av førti var heimearbeidande. Dette viser at det ligg eit stort potensiale i gruppa av heimearbeidande, og dersom ein større del av desse fullførte vidaregåande opplæring ville arbeidskrafttilgangen i Sogn og Fjordane auke. Mangelen på arbeidskraft er i dag ei viktig hindring for utvikling av næringslivet i fylket.

Tabell 5. Personane sin hovudaktivitet før realkompetansevurderinga

	Talet på personar	I prosent
I jobb	52	65,0%
I deltidjobb	10	12,5%
I skule/utdanning	2	2,5%
Arbeidslaus	9	11,3%
Heimearbeidande	2	2,5%
Anna aktivitet	5	6,3%
I alt	80	100,0%

3.2 Kjennskap til servicesenteret

Nesten 40 prosent av kundane fekk kjennskap til servicesenteret gjennom ei annonse eller ein artikkel om servicesenteret i lokalavisa. Dette viser at også informasjon til personar med rett

gjennom ei annonse i den lokale pressa vert lagt merke til. Nokre av desse har truleg sett ei annonse for eit kurs som servicesenteret har lyst ut.

Tabell 6. Kjennskap til servicesenteret.

Kjelde	Talet på kundar	Prosent
Gjennom arbeidsgjevar	18	15,4%
Gjennom arbeidskontoret	12	10,3%
Gjennom annonse/artikkel om servicesenteret i lokalavisa	46	39,3%
Gjennom internett	1	0,9%
Gjennom info frå fylkeskommunen	8	6,8%
Gjennom familie/vener	23	19,7%
Gjennom andre kanalar	9	7,7%
Totalt	117	100,9%

Omlag 20 prosent av kundane fekk fyrst kjennskap til Servicesenteret gjennom sitt personlege nettverk, dvs familie og vener. Vel 15 prosent fekk informasjon hjå arbeidsgjevar, medan 10 prosent fekk kjennskap til servicesenteret på arbeidskontoret.

Tabell 7. Kjennskap til Servicesenteret frå arbeidsgjevar blant personar i jobb

Personar i jobb	Kjennskap til servicesenteret hjå arbeidsgjevar	Prosentdel
62	17	27,4%

Frå tabell 2 ser vi at blant personar som var i jobb (enten fulltid eller deltid), så fekk 27,4 prosent av desse kjennskap til servicesenteret frå eigen arbeidsgjevar. Dersom informasjonen mot arbeidsgjevarar blir intensivert er det grunn til å vente at denne delen vil auke.

3.3 Årsakene til at personane kontakta servicesenteret

I underkant av 40 prosent av dei som kontaktar servicesenteret gjer dette fordi dei ynskjer å nytte retten sin til vidaregåande opplæring, medan knappe 35 prosent kontaktar servicesenteret for å få ei godkjenning/vurdering av sin realkompetanse.

Tabell 8. Grunnen til at dei kontakta servicesenteret.

Årsak	Talet på kundar	Prosent
Godkjenning/vurdering av sin realkompetanse	54	34,8%
Arbeidsgjevar ynskter ei godkjenning/vurdering av deira realkompetanse	1	0,6%
Arbeidskontoret/Sosialkontoret bad dei kontakte servicesenteret	6	3,9%
Ville nytte seg av retten til vidaregåande opplæring	60	38,7%
Ville ha ei generell orientering i utdannings- og yrkesval	25	16,1%
Andre grunnar	9	5,8%
Totalt	155	100,0%

Ein av seks kundar tek kontakt med servicesenteret med det for auge å få ei generell orientering i utdannings- og yrkesval. Dette er ikkje ei primæroppgåve for servicesentera, men det er likevel verd å merkje seg den store interessa for dette området.

Tabell 9. Korleis går kontakten med Servicesenteret føre seg.

Kontakttype	Talet på kundar	Prosent
Telefon/telefaks	48	38,4%
Brev	26	20,8%
e-post	2	1,6%
Personleg frammøte	49	39,2%
I alt	125	100,0%

Omlag like mange kontaktar mellom kundane og servicesentera går pr. telefon/telefaks og ved personleg frammøte. Kvar femte kontakt går føre seg pr. brev, medan det nesten ikkje er kontakt via e-post.

3.4 Avstanden til næraste servicesenter

For å kunne kartlegge kundane si vurdering av avstanden til næraste servicesenter, blei det spurt om kva slags konsekvensar det ville ha for dei om reiseavstanden til servicesenteret auka. Fire av ti ville ikkje ha endra kontaktmønster i det heile. Nesten like mange ville ha hatt det same talet på kontaktar som i dag, men endra mønsteret sitt til færre personlege oppmøte og meir bruk av telefon og e-post.

Tabell 10. Konsekvensane av auka reiseavstand.

	Talet på kundar	I prosent
Hadde besøkt senteret mindre, og i staden nytta telefon eller e-post	33	37,5%
Hadde hatt mindre kontakt med servicesenteret	19	21,6%
Hadde hatt den same kontakten	36	40,9%
I alt	88	100,0%

Vel 20 prosent av personane ville ha redusert den samla kontakten med servicesenteret dersom dei hadde fått ein lengre reiseveg. Det var ein noko større del av kundemassen i Nordfjord og i Sogn som ville redusert sin kontakt med Servicesenteret dersom reiseavstanden hadde blitt lengre. Dette kan ha samband med at avstandane for dei store kundegruppene er noko mindre i Sunnfjord enn i dei to andre regionane, men skilnadene i vurderingane er ikkje store.

Nærare gransking viser at om lag halvparten av dei som svarar at dei vil redusera kontakten med servicesenteret, nyttar i dag telefon som eit viktig kontaktmedium. Det er grunn til å venta at nokre av desse likevel vil oppretthalda den same kontaktfrekvensen dersom reiseavstanden blir større, men nytta telefonen endå meir enn no.

Når berre ein av fem svarar at dei vil redusere kontakten med servicesenteret dersom reiseavstanden aukar, og nokre av dei som svarar at dei vil redusere kontaktfrekvensen truleg ikkje gjer det likevel, så indikerer det at dagens plassering av dei tre servicesentera dekkjer behovet svært godt i høve til den grisgrendte busetnaden vi har i Sogn og Fjordane. Det viser og at det frå kundane sitt synspunkt i allefall ikkje er naudsynt med fleire servicesenter.

3.5 Realkompetansevurderinga

Dei to viktigaste grunnane til at personane ynskte å få gjennomført ei realkompetansevurdering var at dei forventa å betra sine sjansar for å få jobb og at dei ville fullføre vidaregåande opplæring ved å byggje på sin realkompetanse. I tillegg ville om lag 11 prosent gjennomføre ei realkompetansevurdering og nytte dette resultatet som grunnlag for å skaffe seg generell studiekompetanse. Fordelinga på dei ulike grunnane var uavhengig av kva slags hovudaktivitet den einkilde hadde på vurderingstidspunktet (dvs uavhengig av om vedkommande var i jobb, arbeidslaus, heimeverande osv.).

Tabell 11. Grunnen til at personane ynskjer ei realkompetansevurdering

	Talet på kundar	I prosent
Arbeidskontoret/Sosialkontoret bad meg om dette	4	2,5%
For å betra sjansane mine til å få jobb	40	25,2%
Eg ventar å få betre løns- og arbeidsvilkår hjå noverande arbeidsgjevar	18	11,3%
Eg ventar å få betre løns- og arbeidsvilkår hjå framtidige arbeidsgjevarar	15	9,4%
Eg ynskjer å fullføre vidaregåande opplæring ved å byggje på min realkompetanse	45	28,3%
Eg ynskjer å ta høgare utdanning og vil bruke min realkompetanse for å få studiekompetanse	18	11,3%
Servicesenteret rådde meg til det	12	7,5%
Annan årsak	7	4,4%
I alt	159	100,0%

Over 42 prosent av dei som gjennomgjekk ei realkompetansevurdering, gjorde dette i ulike helsefag, dei aller fleste inna hjelepleie. Nokre av dei som svara på ”anna”-kategorien, blei og truleg vurdert i høve til eit omsorgsfag slik at denne delen skulle vore endå høgare. Omlag

10 – 11 prosent av kundemassen vart realkompetansevurderte i høve til kvart av områda butikkfag, barne- og ungdomsarbeid og generell studiekompetanse.

Tabell 12. Fagområdet kundane blei realkompetansevurdert innafor.

	Talet på kundar	I prosent
Hjelpepleiar	32	41,0%
Kontorfag	8	10,3%
Butikkfag	3	3,8%
Tømrar	1	1,3%
Næringsmiddelfag	2	2,6%
Helse- og omsorgsfag, ekskl. hjelpepleie	1	1,3%
Generell studiekompetanse	9	11,5%
Barne- og ungdomsarbeidar	8	10,3%
Humanbiologi	1	1,3%
Anna fag	13	16,7%
I alt	78	100,0%

Vel tredjeparten av personane som fekk gjennomført ei realkompetansevurdering meinte at sjølve vurderinga tok for lang tid, medan vel 40 prosent meinte tidsbruken var passeleg. Ein fjerdepart av dei som er realkompetansevurderte, har inga mening om dette forholdet.

Tabell 13. Tida det tok frå klargjering ved servicesenteret til gjennomføring av realkompetansevurderinga.

	Talet på kundar	I prosent
Mindre enn ei veke	12	16,0%
Mellom ei veke og to veker	8	10,7%
Mellom to veker og ein månad	22	29,3%
Mellom ein månad og to månader	11	14,7%
Mellom to månader og tre månader	6	8,0%
Meir enn tre månader	16	21,3%
I alt	75	100,0%

Meir enn kvar femte kunde må vente i meir enn tre månader før realkompetansevurderinga, og nesten 30 prosent må vente meir enn to månader. 56 prosent av kundane ventar under ein månad frå klargjering til realkompetansen skal vurderast.

Tabell 14. Tida det tok frå klargjering ved servicesenteret til gjennomføring av realkompetansevurderinga. Fordelt på servicesenter

	Sogn	Sunnfjord	Nordfjord	I alt
Mindre enn to månader	62%	46,0%	92%	71%
Meir enn 2 månader	38%	54%	8%	29%
I alt	100%	100,0%	100%	100%

Det er svært store skilnader i ventetid i dei tre distrikta. Medan berre 8 prosent av kundane som var klargjorde venta i meir enn to månader på realkompetansevurdering i Nordfjord, er dette tilfellet for over halvparten av dei klargjorde i Sunnfjord. Dette har noko samanheng med at ein svært stor del av dei realkompetansevurderte i Nordfjord er hjelpepleiarar og denne gruppa blir fort innkalla til vurdering etter endt klargjering ved servicesenteret.

Tabell 15. Det tok for lang tid å gjennomføra realkompetansevurderinga.

	Talet på kundar	I prosent
Helt ueinig	23	29,9%
Ueinig	9	11,7%
Både og	18	23,4%
Einig	7	9,1%
Heilt einig	20	26,0%
I alt	77	100,1%

Berre vel 20 prosent av dei som er blitt realkompetansevurderte, meiner det var for mange spørsmål som låg til grunn i denne vurderinga. Vel 40 prosent var ikkje samde i dette, medan kvar tredje person ikkje hadde noko meining om dette.

Tabell 16. Det var for mange spørsmål.

	Talet på kundar	I prosent
Helt ueinig	25	34,2%
Ueinig	6	8,2%
Både og	25	34,2%
Einig	10	13,7%
Heilt einig	7	9,6%
I alt	73	100,0%

Tabellane 17 og 18 viser at dei som blir realkompetansevurderte gjennomgåande er av den oppfatninga at omfanget på sjølve realkompetansevurderinga ikkje er for stort. Sidan ein så stor del svarar "både og" og difor ikkje har sterke meiningar om desse spørsmåla, må ein gå utfrå at omfanget på realkompetansevurdringa er nær optimal.

Tabell 17. Spørsmåla var tilpassa dei vaksne sin arbeidssituasjon.

	Talet på kundar	I prosent
Helt ueinig	7	9,9%
Ueinig	9	12,7%
Både og	29	40,8%
Einig	10	14,1%
Heilt einig	16	22,5%
I alt	71	100,0%

Om lag 37 prosent av dei som har gjennomgått ei realkompetansevurdering, er enten einige eller heilt einige i at spørsmåla var godt tilpassa dei vaksne sine arbeids- og yrkeserfaringar. I underkant av 23 prosent var enten heilt ueinige eller ueinige i denne påstanden. Dersom vi deler kategorien ”både og” i to like deler, og legg den eine delen til dei som er einige og den andre delen til dei som er ueinige, får vi at nesten seks av ti realkompetansevurderte, seier at gjennomgangen var godt tilpassa dei vaksne sin arbeidssituasjon.

Dette resultatet viser at kundane vurderer spørsmåla som godt tilpassa sine oppgåver i yrkeslivet, medan fagkonsulentane gjennomgåande oppfattar spørsmåla i REALDOK som for lite tilpassa vaksne med lang røynsle frå yrkeslivet. Desse to resultatata tyder på at fagkonsulentane nyttar REALDOK på ein fornuftig måte ved at dei tek utgangspunkt i verktøyet, men reformulerar problemstillingane og legg opp til ein dialog på dei vaksne sine premisser.

Tabell 18. Fagkonsulenten hadde god kjennskap til eige fagområde.

	Talet på kundar	I prosent
Helt ueinig	5	7,0%
Ueinig	5	7,0%
Både og	11	15,5%
Einig	10	14,1%
Heilt einig	40	56,3%
I alt	71	100,0%

Mellom dei som har gjennomført ei realkompetansevurdering er over 70 prosent samde i at fagkonsulenten hadde god kjennskap til det aktuelle fagområdet, medan nesten tre av fire meiner at dei hadde ein god dialog med fagkonsulenten under gjennomføringa av realkompetansevurderinga. Begge resultatata viser at kundane er godt nøgde både med det faglege og det pedagogisk arbeidet til fagkonsulentane.

Tabell 19. Fagkonsulenten og kunden hadde ein god dialog.

	Talet på kundar	I prosent
Helt ueinig	7	9,5%
Ueinig	6	8,1%
Både og	7	9,5%
Einig	15	20,3%
Heilt einig	39	52,7%
I alt	74	100,0%

Dette inntrykket vert forsterka når over seks av ti kundar enten er einige eller heilt einige i påstanden om at fagkonsulenten la vekt på den einkilde sin kompetanse og arbeidserfaring i gjennomføringa av realkompetansevurderingane.

Tabell 20. Fagkonsulenten la vekt på min kompetanse og arbeidserfaring.

	Talet på kundar	I prosent
Helt ueinig	9	12,7%
Ueinig	7	9,9%
Både og	11	15,5%
Einig	19	26,8%
Heilt einig	25	35,2%
I alt	74	100,0%

Resultatet frå realkompetansevurderinga svara til forventningane blant tre av fire kundar.

Dette tyder på at det er ein god korrespondanse mellom dei formelle krava som vert stilt gjennom fagplanane og det kompetansenivået som personane sjølve meiner dei har skaffa seg i yrkeslivet. Resultatet kan og skuldast at fagkonsulentane justerer kundane sine forventningar i dei samtalane som ofte går føre seg i forkant av vurderingane.

Tabell 21. Resultatet frå realkompetansevurderinga tilsvare eigne forventningar

	Talet på kundar	I prosent
Lågare enn forventa	5	7,0%
Som forventa	54	76,1%
Høgare enn forventa	12	16,9%
I alt	71	100,0%

3.6 Kundane sitt syn på tenestene ved Servicesentera

Det er berre om lag 18 prosent av kundane som i ulik grad er misnøgd med kundehandsaminga ved servicesentera, medan nesten 60 prosent er nøgde eller svært nøgde. Dette er eit godt resultat, og ligg over gjennomsnittet for resultatata frå andre granskingar av kundane sitt syn på tenester frå offentleg sektor.

Tabell 22. Kor nøgd er kundane med kundehandsaminga

	Talet på kundar	I prosent
Svært misnøgd	8	9,8%
Misnøgd	7	8,5%
Verken eller	19	23,2%
Nøgde	17	20,7%
Svært nøgd	31	37,8%
Totalt	82	100,0%

Når det gjeld dei andre tenestene som Servicesentera tilbyr, bortsett frå generell yrkes- og utdanningsrettleiing (sjå tabellane 23 – 26) nedanfor, ligg delen av nøgde eller svært nøgde i området 43 – 47 prosent. Dette tilsvarar om lag gjennomsnittet frå andre granskingar av offentlege tenester.

Tabell 23. Kor nøgd er kundane med informasjonen om kva servicesenteret kunne tilby

	Talet på kundar	I prosent
Svært misnøgd	12	14,8%
Misnøgd	15	18,5%
Verken eller	19	23,5%
Nøgd	17	21,0%
Svært nøgd	18	22,2%
Totalt	81	100,0%

Tabell 24. Kor nøgd er kundane med informasjonen om innhaldet i kompetansereforma

	Talet på kundar	I prosent
Svært misnøgd	12	15,0%
Misnøgd	13	16,3%
Verken eller	17	21,3%
Nøgd	17	21,3%
Svært nøgd	21	26,3%
Totalt	80	100,0%

Tabell 25. Kor nøgd er kundane med informasjonen om realkompetansevurderinga

	Talet på kundar	I prosent
Svært misnøgd	13	16,0%
Misnøgd	7	8,6%
Verken eller	23	28,4%
Nøgd	15	18,5%
Svært nøgd	23	28,4%
Totalt	81	100,0%

Tabell 26. Kor nøgd er kundane med informasjonen om gratis vidaregåande opplæring basert på realkompetansevurderinga

	Talet på kundar	I prosent
Svært misnøgd	13	16,7%
Misnøgd	10	12,8%
Verken eller	19	24,4%
Nøgd	15	19,2%
Svært nøgd	21	26,9%
Totalt	78	100,0%

Tabell 27. Kor nøgd er kundane med utdannings- og yrkesretteiinga

	Talet på kundar	I prosent
Svært misnøgd	17	21,8%
Misnøgd	9	11,5%
Verken eller	28	35,9%
Nøgd	10	12,8%
Svært nøgd	14	17,9%
Totalt	78	100,0%

Den delen av kundemassen som er nøgd eller svært nøgd med den utdannings- og yrkesretteiinga dei får ved Servicesenteret, er om lag 15 prosentpoeng lågare enn den delen som i ulik grad er nøgde med dei andre tenestene. Dette heng i stor grad saman med at dette ikkje er noko primæroppgåve ved servicesentera og at leiarane der difor ikkje har fått opplæring i dette.

Tabell 28. Kor nøgd er kundane med servicesenteret alt i alt

	Talet på kundar	I prosent
Svært misnøgd	9	11,3%
Misnøgd	10	12,5%
Verken eller	23	28,8%
Nøgd	19	23,8%
Svært nøgd	19	23,8%
Totalt	80	100,0%

I sine vurderingar av servicen ved dei tre sentera alt i alt, er knappe 48 prosent nøgde eller svært nøgde. Legg vi til halvparten av dei som svara "både og", kan vi seia at om lag 62 prosent var meir nøgde enn misnøgde med den samla servicen. Dette er litt i overkant av gjennomsnittet blant andre offentlege etatar og må karakteriserast som godt. Ein må sjå dette resultatet i høve til at innføringa av realkompetansedelen av Reforma har vore eit prøveprosjekt så langt. I prøveprosjekt er det lagt opp til at ein skal teste ut ulike metodar, både i stort og ned til detaljnivå, og då vil det skje endringar og justeringar undervegs.

Tabell 29. Kor nøgd er kundane med det einskilde servicesenteret alt i alt. I prosent.

	Sogn	Sunnfjord	Nordfjord	I alt
Misnøgd/svært misnøgd	0%	41%	19%	24%
Verken eller	33%	25%	37%	29%
Nøgd/svært nøgd	67%	34%	44%	48%
I alt	100%	100%	100%	99%

Det er nokre distriktsvise variasjonar når det gjeld kor godt nøgde kundane er med servicen dei fekk på dei tre sentera. Det er i særleg grad på områda rettleiing og råd om korleis

kundane kan byggje vidare på sin realkompetanse samt generell utdannings- og yrkesretteleing at det er store distriktstvis skilnader i vurderinga av servicesentera.

3.7 Kundane si vurdering av opplæringa

Nesten 43 prosent av dei som var i jobb og som samstundes fullførte vidaregåande opplæring fekk inga hjelp frå arbeidsgjevar, og berre 8 prosent mottok løn i opplæringsperioden. Kvar femte deltakar fekk permisjon utan løn og kvar sjuande fekk forskyvd arbeidstida si. Det er ikkje særlege skilnader mellom dei ulike fagområda når det gjeld den hjelpa ein får frå arbeidsgjevar.

Tabell 30. På kva måte la arbeidsgjevarane til rette for at kundane kunne fullføre vidaregåande opplæring

	Deltakarar	I prosent
Permisjon med løn	4	8,2%
Permisjon utan løn	10	20,4%
Forskyving av arbeidstida	7	14,3%
Andre tiltak	7	14,3%
Ingen tiltak	21	42,9%
I alt	49	100,0%

Av dei kundane som ynskjer å ta vidaregåande opplæring, er om lag 60 prosent byrja på opplæringa, medan knappe 20 prosent ventar på å ta til. Ein av fem er allereie ferdige med si opplæring.

Tabell 31. Kor langt den einkilde er komen i opplæringa

	Talet på kundar	I prosent
Ventar på å byrja	14	18,9%
Deltek no på opplæringa	45	60,8%
Fullført opplæringa	15	20,3%
I alt	74	100%

Kvar femte person som skulle ta til på vidaregåande opplæring måtte vente i meir enn tre månader, medan nesten 40 prosent måtte vente i meir enn to månader. Sjølv om halvparten av personane venta i mindre enn ein månad, var det ein stor prosentdel som måtte vente relativt lenge med å byrja på den vidaregåande opplæringa.

Tabell 32. Tida frå kompetansevurderinga var unnagjort til dei byrja på opplæringa.

Tidsbolk	Talet på kundar	I prosent
To veker eller mindre	17	28,3%
Mellom to veker og ein månad	12	20,0%
Mellom ein månad og to månader	8	13,3%
Mellom to månader og tre månader	11	18,3%
Meir enn tre månader	12	20,0%
I alt	60	100%

Også når det gjelder tida frå gjennomført realkompetansevurdering til påbyrja vidaregåande opplæring er det store skilnader mellom dei tre servicesentera. Blant kundar tilhøyrande senteret i Eid brukar 67 prosent mindre enn to månader frå realkompetansevurdering til start på opplæringa, medan blant kundane ved senteret i Førde er det berre 42 prosent som brukar under to månader.

Tabell 33. Tida frå kompetansevurderinga var unnagjort til dei byrja på opplæringa. Talet på kundar fordelt på distrikt. I prosent.

Tidsbolk	Sogn	Sunnfjord	Nordfjord	I alt
Mindre enn to månader	50%	42%	67%	62%%
Meir enn to månader	50%	58%	33%	38%%
I alt	100%	100%	100%	100%

Blant kundar som ynskjer å fullføre vidaregåande opplæring, var det mange som oppgav eit breidt spekter av grunnar for å gjera dette. Dette skuldast dels at dei er i mange ulike livssituasjonar når dei vurderer å fullføre vidaregåande opplæring, nokre er arbeidslause, nokre i arbeid, medan andre er heimeverande. I tillegg er det ofte slik at kvar einskild har mange ulike grunnar for å ta vidaregåande opplæring, t.d. er kombinasjonen ”betre sjansane til jobb”, ”betre løns- og arbeidsvilkår hjå noverande arbeidsgjevar” samt ”betre løns- og arbeidsvilkår hjå framtidig arbeidsgjevar” ein vanleg svarkombinasjon.

Tabell 34. Grunnen til at dei ville fullføre vidaregåande opplæring

Årsak	Talet på kundar	I prosent
For å kunne behalde jobben	13	7,5%
For å betre sjansane til jobb	33	19,0%
Betre løns- og arbeidsvilkår hjå noverande arbeidsgjevar	27	15,5%
Betre løns- og arbeidsvilkår hjå framtidige arbeidsgjevarar	28	16,1%
Vil ta høgare utdanning	31	17,8%
Vil ta fagbrev	35	20,1%
Andre grunnar	7	4,0%
I alt	174	100%

Seks av ti deltakarar gjekk på kurs som var basert på tradisjonell klasseromsundervisning, medan ein av deltok på kurs der ein kombinerte klasseromsundervisning med praksis på eigen

eller ein anna arbeidsplass. Berre 13 prosent deltok i nettbasert undervisning. Det var særleg kurs som gav generell studiekompetanse at nettbasert undervisning var i bruk.

Tabell 35. Organiseringa av opplæringa

	Talet på kundar	I prosent
Klasseromsundervisning	45	59,2%
Nettbasert undervisning	10	13,2%
Kombinasjon klasseromsundervisning/praksis på ein arbeidsplass	15	19,7%
Andre former	6	7,9%
I alt	76	100%

Vestlandsforskning spurde og deltakarane om kor nøgde dei var med ulike sider ved opplæringa. Mellom 73 og 79 prosent var enten nøgde eller svært nøgde med innhaldet i opplæringa, sjølve opplæringsforma (dvs klasseromsundervisning, nettbasert undervisning osv.), opplæringstidspunktet (dvs kveldstid, i helgane, på dagtid) og reiseavstanden til opplæringsstaden. Den lågaste delen av nøgde og svært nøgde, var det på spørsmålet om tilrettelegginga av lærestoffet med 64 prosent.

Alle desse tala er svært høge og gjev uttrykk for at deltakarane er svært nøgde med den opplæringa som vert gjeven. Sjølv om dei aller fleste også er nøgde med opplæringsforma, bør ikkje det vera til hinder for at ein prøver ut nettbaserte undervisningsformer i større grad enn det som i dag er tilfellet. Ein grunn til at så mange er nøgde med dagens undervisningsformer, der tradisjonell klasseromsundervisning dominerar, er at dei ikkje har prøvd andre former.

Tabell 36. Kor nøgd er deltakarane med det faglege innhaldet i opplæringa

	Talet på deltakarar	I prosent
Svært misnøgd	0	0,0%
Misnøgd	3	4,5%
Både og	11	16,7%
Nøgd	25	37,9%
Svært nøgd	27	40,9%
I alt	66	100%

Tabell 37. Kor nøgd er deltakarane med opplæringsforma

	Talet på deltakarar	I prosent
Svært misnøgd	0	0,0%
Misnøgd	2	3,0%
Både og	14	21,2%
Nøgd	29	43,9%
Svært nøgd	21	31,8%
I alt	66	100%

Tabell 38. Kor nøgd er deltakarane med tilrettelegginga av opplæringsstoffet

	Talet på deltakarar	I prosent
Svært misnøgd	3	4,5%
Misnøgd	5	7,5%
Både og	16	23,9%
Nøgd	25	37,3%
Svært nøgd	18	26,9%
I alt	67	100%

Tabell 39. Kor nøgd er deltakarane med opplæringstidspunktet.

	Talet på deltakarar	I prosent
Svært misnøgd	1	1,5%
Misnøgd	5	7,6%
Både og	9	13,6%
Nøgd	18	27,3%
Svært nøgd	33	50,0%
I alt	66	100%

Tabell 40. Kor nøgd er deltakarane med reiseavstanden til opplæringslokalet.

	Talet på deltakarar	I prosent
Svært misnøgd	3	4,5%
Misnøgd	6	9,1%
Både og	9	13,6%
Nøgd	9	13,6%
Svært nøgd	39	59,1%
I alt	66	100%

Nesten 2 av 3 deltakarar meiner at det å fullføre vidaregåande opplæring vil betre sjansane for å få jobb. Dette er også ei av dei viktigaste målsetjingane med Kompetansereforma.

Tabell 41. Meiner deltakarane det vil bli lettare å få jobb etter fullført vidaregåande opplæring

	Talet på deltakarar	I prosent
Ja	46	63,9%
Nei	8	11,1%
Veit ikkje	18	25,0%
I alt	72	100%

3.8 Konklusjonar

Personane i utvalet var godt nøgde både med dei tenestene som servicesentera hadde å tilby og den realkompetansevurderinga dei fekk hjå fagkonsulentane. Det var berre i vurderinga av den generelle yrkes- og utdanningsrettleiinga ved servicesentera at delen av nøgde var noko lågare enn det som er vanleg ved denne typen granskingar av tenester frå den offentlege forvaltninga. Dette skuldast at denne tenesta i dag ikkje er definert som å vera ei primæroppgåve for servicesentera og leiarane der saknar difor opplæring på dette området. Sidan ein av seks kundar tek kontakt med servicesenteret med det for auge å få ei generell orientering i utdannings- og yrkesval, er dette ei stor oppgåve ved servicesentera i dag.

Undersøkinga syner og at det truleg vil få små konsekvensar for brukarane dersom reiseavstanden til det næraste servicesenteret aukar, noko som inneber at det i høve til kundane ikkje er naudsynt å auke talet på servicesenter i Sogn og Fjordane.

Dei som byrjar på vidaregåande opplæring er og gjennomgåande svært godt nøgde med ulike sider av opplæringa.

Det er særleg fire forhold som kan trekkjast fram der Fylkeskommunene og dei andre involverte partane i gjennomføringa av Kompetansereforma har eit forbettringspotensiale i høvet til kundane. Den eine går på manglande informasjonsframstøyt mot personar med rett, for dermed å sikre at fleire av desse nyttar seg av retten til realkompetansevurdering og fullført vidaregåande opplæring. Granskinga av brukergruppa avdekka at det berre var vel 27 prosent av personar som var i jobb som fekk kjennskap til servicesenteret frå eigen arbeidsgjevar. Dersom informasjonen mot arbeidsgjevarar blir intensivert er det grunn til å vente at denne delen vil auke.

For det andre tek det gjennomgåande for lang tid frå ein person er klargjort på servicesenteret til vedkommande blir kalla inn til realkompetansevurdering. Meir enn kvar femte kunde må vente i meir enn tre månader frå klargjering og til realkompetansevurderinga finn stad, noko som er svært lenge i forhold til målet om rask realkompetansevurdering.

For det tredje tek det for mange også for lang tid frå ein person er realkompetansevurdert og fram til kurset startar. Kvar femte person som skulle ta til på vidaregåande opplæring måtte vente i meir enn tre månader. Sjølv om det tek tid å leggja kurs ut på anbod og deretter finna rett kurstilbydar, så er det mange som må vente relativt lenge på å få starte si vidaregåande opplæring.

For det fjerde syner kartlegginga av kundane at arbeidsgjevarane i liten grad bidreg til at deira eigne arbeidstakarar skal få fullført vidaregåande opplæring. Nesten 43 prosent av dei som var i jobb og som samstundes fullførte vidaregåande opplæring fekk inga hjelp frå arbeidsgjevar, og berre 8 prosent mottok løn i opplæringsperioden.

4. Leiarane ved dei tre servicesentera

4.1 Innleiing

To av dei noverande tre senterleiarane har vore tilsett i denne funksjonen sidan oppstarten 01.08.2000. Den siste overtok leiarstillinga sommaren 2001.

I dei fyrste 5 månadene var leiarfunksjonen ved servicesentera ei 10 prosent stilling, men utover hausten 2000 auka tilstrøyminga av personar til alle dei tre servicesentera og mange fleire enn det som var venta på førehand ynskte å få gjennomført ei realkompetansevurdering. I denne perioden hadde servicesenteret også ansvaret for å avtale tidspunkt for realkompetansevurdering med den einskilde kunden. Dette ansvaret ligg no hjå fagkonsulentane.

Etter påtrykk frå leiarane ved servicesentera vart stillingsdelen frå årsskiftet 2000/2001 auka til 60 prosent. Utover våren og sommaren 2001 auka tilstrøyminga ytterlegare av kundar til servicesentera, noko som m.a. skuldast at informasjonsaktiviteten kring Kompetansereforma i fylket vart intensivert. Dette førte til at kapasitetsgrensa ved servicesentera vart overskriden, og frå årsskiftet 2001/2002 vart leiarstillingane ved alle dei tre servicesentera oppgraderte til 100 prosent.

Pr. 01.05.2002 arbeider to av leiarane 100 prosent, medan den eine leiaren etter eige ynskje arbeidar 90 prosent av full stilling.

Før dei starta arbeidet som servicesenterleiar, gjennomgjekk dei alle eit grunnleggjande kurs og deltok på nokre seminar som skulle gjera dei budde på kommande oppgåver. Leiarane er særst godt nøgde både med innhaldet i og forma på kurset, men dei hadde hatt behov for opplæring i yrkes- og utdanningsrettleiing. Denne tenesta har det vore stor etterspurnad etter, fordi mange av dei med rett kan vera usikre på kva slags vidaregåande opplæring dei bør ta og kva slags arbeidsmarknad som møter dei etter opplæringstida.

Det er og lagt opp til at senterleiarane skal avlastast for ein del rutineprega kontorarbeid som t.d. arkivering, innkalling og enkle førespurnader. Ved kvart av dei tre servicesentera er det avsett ressursar tilsvarende ei 20 prosent stilling som kontorfullmektig for å utføre desse tenestene. I praksis vert dette løyst ved at servicesenteret kjøper ressursar frå ein

kontorfullmektig som nyttar resten av sin arbeidstid på å yte tenester overfor den vidaregåande skulen eller fagopplæringscenteret som servicesenteret er samlokalisert med.

Eit unntak er Servicesenteret på Eid, der det er avsett ressursar tilsvarande ei 50 prosent til ei stilling som er ein kombinasjon av kontorfullmektig og brukarstøtte (såkalla superbrukar) på IT-verktøyet for realkompetansevurdering (REALDOK).

4.2 Mottak og rettleiing av kundar

Hovuddelen av kundane vender seg til servicesenteret via telefon, medan den resterande delen møter opp personleg. Nokre kundar forventar at spekteret av tenester ved servicesenteret er større enn det aktuelle tilbodet. Dette gjeld i særleg grad tenester som dreier seg om generell yrkes- og utdanningsrettleiing og det å kunne starte på ei utdanning eller bli tilbode ein jobb utan tilstrekkelege bakgrunnskunnskapar.

Det fins svært få instansar som kan tilby generell yrkes- og utdanningsrettleiing til vaksne. Denne tenesta er blitt sterkt nedbygd innafor Aetat dei siste åra, og dermed har det oppstått eit udekket behov som mange no forventar at Servicesenteret kan dekkja. Sjølv om dette ikkje ligg innafor arbeidsområdet til servicesenteret, brukar leiarane mykje ressursar på denne oppgåva. I tillegg er det nokre kundar som forventar å få starte umiddelbart på eit skreddarsydd utdanningsopplegg utan at dei har den kompetansen som dette krev. I desse gruppene er det ei overvekt av personar med innvandrarbakgrunn, og dei store forventningane skuldast dels ei manglande realitetsorientering frå sosialkontoret eller Aetat si side og dels sjølvskapte forventningar. Denne kundegruppa er svært arbeidskrevjande, og har ført til at den gjennomsnittlege tidsbruken på kvar kunde er vorten noko lenger enn det ein trudde på førehand.

Talet på kundar som kontaktar servicesentera varierer mykje, både frå ei veke til ei anna, men også mellom ulike periodar på året. Desse variasjonane er så store at det ikkje vil gje meining å rekne ut eit gjennomsnitt pr. dag. eller pr. veke. Servicesentera registrerer heller ikkje personar som berre ynskjer å få generell informasjon om ulike sider ved Kompetansereforma. Det er berre dei som enten ynskjer å gjennomføre realkompetansevurderinga eller som ynskjer å starta på vidaregåande opplæring som blir talte ved Servicesentera. Variasjonane i kundemassen over året skuldast i all hovudsak den store tilstrøyminga like etter at eitt eller

fleire kurs er blitt annonsert i massemedia, i det vesentlege gjennom lokalavisene. Dette gjeld i fyrste rekkje kurs innan helse, omsorg og hjelpepleie. Variasjonane over veka eller måneden er tilfeldige.

4.3 Informasjon frå servicesentera til kundane

Ei av oppgåvene til leiarane ved servicesentera er i samarbeid med Koordinator ved Fylkeskommunen å spreie informasjon om Kompetansereforma i sitt område. I fyrste rekkje til personar med rett, men og til arbeidsgjevarar og utdanningstilbydarar. I Nordfjord har servicesenteret hatt innrykk i lokalavisene, distribuert folder til alle husstandar, fått reportasjar i fylkesradioen, lagt ut informasjon på eiga nettside på Internett og halde pressekonferanse der ein både informerer om reforma generelt og om aktuelle kurs spesielt. I tillegg har ein arrangert møte med einskilde kommunar, med vidaregåande skular og med lokale næringsssamskipnader der føremålet har vore å gje informasjon om Kompetansereforma til representantar for dei ulike aktørane. Servicesenteret i Sunnfjord har distribuert folder til alle husstandane i distriktet med informasjon retta mot personar med rett, vitja vidaregåande skular for å informere leiing og tilsette samt hatt innrykk i lokalavisa. Også servicesenteret i Indre Sogn har gjennomført ulike informasjonsopplegg i sitt distrikt, men desse har i stor grad vorte konsentrert om kommunane fordi dei er arbeidsgjevarar til den største gruppa av personar med rett, dei som ynskjer vurdering og vidaregåande opplæring innan helse- og omsorgsfag.

Det er store skilnader på informasjonsaktiviteten mellom dei tre servicesentera. Det verkar som Nordfjord har hatt den største og breiaste aktiviteten på dette området, noko som kan vera ei forklaring på at tilstrøyminga til dette servicesenteret har vore monaleg større enn til dei to andre. Serviceseterleiarane legg vekt på at det har vorte for lita tid til spreieing av informasjon og då i særleg grad til personar med rett, men også til arbeidsgjevarar både i kommunal og privat sektor.

4.4 Informasjon om kompetansereforma ved Servicesenteret

Når kunden vender seg til servicesenteret for fyrste gong får han, dersom han ynskjer det, som oftast ei generell orientering om Kompetansereforma og kva ho inneber for den einskilde kunden. Dersom kunden ynskjer å verta realkompetansevurdert, skal han fylle ut eit søknadsskjema. Svara på dette skjemaet skal gje servicesenteret eit grunnlag for å vurdere om

vedkommande har rett til kostnadsfri realkompetansevurdering og rett til å få fullført vidaregåande opplæring. I tillegg vil desse opplysningane utgjere basis for den realkompetansevurderinga som fagkonsulentane skal gjennomføre.

I samband med gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane, er det bestemt at også personar som i høve til Kompetansereforma korkje har rett på kostnadsfri realkompetansevurdering eller gratis fullføring av vidaregåande opplæring skal få tilbod om dette. Dette gjeld i dei tilfella der det er ledige plassar på det aktuelle kurset etter at alle kundar med rett har fått plass. Leiarane ved servicesentera gjev uttrykk for at i periodar med stor kundetilstrøyming kan tida av og til bli for knapp, og meiner Fylkeskommunen bør vurdere å innføre ein pris for realkompetansevurdering av personar som i utgangspunktet ikkje har rett til ei slik gratis vurdering.

Leiarane av dei tre servicesentera har inntrykk av at fleirtalet av dei som tek kontakt er mest opptekne av opplæringsdelen i Kompetansereforma. Eit klart mindretal er i utgangspunktet berre interessert i å få gjennomført ei realkompetansevurdering. I tillegg er mange, som tidlegare nemnt, også interesserte i ei generell yrkes- og utdanningsrettledning.

4.5 Servicesentera si rolle i realkompetansevurderinga

Når det gjeld inntaket til realkompetansevurderinga nyttar servicesenteret i Sunnfjord ein noko annleis modell enn ved dei to andre servicesentera. I Sunnfjord blir kvar og ein som vil vera aktuell for ei realkompetansevurdering spurt om vedkommande ynskjer å ta vidaregåande opplæring og om kva slags nivå vedkommande ynskjer å starta på. Dersom vedkommande gjev uttrykk for at han vil starta på Grunnkursnivå og det allereie er klart at det er fleire som har behov for eit grunnkurs innan dette faget, så vil vedkommande ikkje bli realkompetansevurdert dersom han ikkje spesifikt ynskjer det. Bakgrunnen for dette opplegget er at mange av dei som tidlegare vart realkompetansevurdert og som fekk godkjent delar av ei vidaregåande utdanning på bakgrunn av yrkespraksis, likevel valde å ta heile opplæringa i etterkant.

Dei to andre servicesentera gjennomfører fyrst ei realkompetansevurdering av at dei som ynskjer dette, og deretter er det opp til den einskilde om han tek til på det kurset som vert tilpassa nivået til vedkommande eller om han vel å ta opplæringa i alle modular dersom eit

slikt kurs vert sett i gang. Leiarane ved dei tre servicesentera er godt nøgd med det opplegget som kvarv av dei her har lagt.

I etterkant av at kundane har svart på spørjeskjema omkring eigen real- og formalkompetanse, skal servicesenteret leggja denne informasjonen til rette i det IT-verktøyet som fagkonsulentane kan nytta i sin realkompetansevurdering, REALDOK. Saman med svara på spørjeskjemaet skal det også vedleggjast stadfesta dokument frå noverande og tidlegare arbeidsgjevarar vedrørande arbeidspraksis og stadfesta dokumentasjon på tidlegare grunnutdanning. Leiarane ved servicesentera påpeikar at dei ofte blir presentert for mangelfull informasjon frå kundane fyrste gongen dei ber om dette. Nokre kundar manglar godkjende vitnemål frå tidlegare grunnutdanning dei hevdar å ha gjennomført og mange manglar ei tilstrekkeleg detaljert utgreiing om dei arbeidsoppgåvene som er utført for noverande eller tidlegare arbeidsgjevarar. Servicesentera saknar ein mal som i detalj greier ut om korleis informasjon om grunnutdanning og tidlegare arbeidspraksis skal presenterast av kundane.

Når informasjon om grunnutdanning og realkompetanse er lagt inn i REALDOK, tek servicesenteret kontakt med koordineringsansvarleg ved den vidaregåande skulen der den aktuelle fagkonsulenten er tilsett. Den koordineringsansvarlege kan vera rektor ved skulen eller ein som han delegerer denne oppgåva til. Deretter skal fagkonsulenten så raskt som mogleg kontakte kunden for å avtale tidspunkt for realkompetansevurderinga.

Etter at fagkonsulenten har gjennomført realkompetansevurderinga skal han utferdiga eit bevis underteikna av rektor som syner kva slags modular innafor læreplanen i den vidaregåande opplæringa som kunden har fått godkjent på bakgrunn av sin realkompetanse. Dette beviset vert deretter distribuert til servicesenteret som så kontaktar kunden.

Leiarane ved servicesentera meiner at realkompetansebeviset kan ha stor grad av legitimitet hjå arbeidsgjevarar i høve til fag under fagopplæringa, dvs innafor yrkesretta fag. Dette skuldast at det korkje på fagbrevet eller på kompetansebeviset er gjeve talkarakterar på dei einskilde faga, berre bestått. Men sidan dei ikkje har motteke nokre tilbakemeldingar frå arbeidsgjevarar om dette, er servicesenteret sine vurderingar berre basert på ei samanlikning av innhaldet i realkompetansebeviset med andre former for vitnemål eller attestar.

Servicesenterleiarane meiner derimot at realkompetansebeviset er lite eigna i høve til inntak

på høgskule og opne universitetsstudiar fordi det her er lagt opp til at den einskilde utdanningsinstitusjonen sjølv skal vurdere desse kandidatane opp i mot andre søkjarar som har fullført den tradisjonelle vidaregåande skulen. Den siste gruppa vil ha eit fullt sett av karakterar, medan dei som søker på bakgrunn av m.a. eit realkompetansebevis vil mangle karakterar i nokre fag. I slike tilfelle kan inntakskriteria lett variere frå ein institusjon til ein annan og vurderingane og verdsetjinga av realkompetansen vil også variere. På grunn av kravet til standpunkt-karakterar, vil ein med realkompetansebevis som delvis grunnlag, ikkje vera aktuell for opptak til lukka studiar.

Leiarane ved servicesentera er gjennomgåande nøgd med den ansvars- og oppgåvefordelinga mellom dei og fagkonsulentane/koordineringsansvarleg som det er gjort greie for ovafor. Det er i periodar med stor pågang av kundar som ynskjer ei realkompetansevurdering problem med å få koordinatoren og/eller fagkonsulentane til å ta unna tilstrøyminga raskt nok.

Når kunden har motteke beviset som syner oppnådd realkompetanse, kan vedkommande nøye seg med det eller ynskje å fullføre vidaregåande opplæring på basis av sin realkompetanse. Dei som vil ha vidaregåande opplæring, melder så i frå til servicesenteret som dermed har ansvaret for å organisere denne typen opplæring så nær kunden som mogleg. Dei aller fleste kursa kan gjennomførast i eller i nærleiken av kunden sin bustadkommune, nokre få kurs vert arrangert i andre delar av Sogn og Fjordane, medan eit par kurs har hittil vorte arrangert i andre fylke. Leiarane ved servicesentera legg vekt på at kursa skal gjennomførast i rimeleg tid etter at kundane har uttrykt ynskje om det (maksimalt 2 – 3 månader etterpå).

4.6 Servicesentera si rolle i vidaregåande opplæring

Servicesenteret framskaffer utdanningstilbydarar på to måtar. Dersom eit kurs har fleire enn 10 påmelde, skal kurset lysast ut offentleg. I dette tilfellet skriv servicesenteret eit anbod på kurset som m.a inneheld opplysningar om oppdragsgjevar, kurstype, talet på deltakarar og område kurset bør gjennomførast i. Dette anbodet vert så offentleg utlyst, som regel i lokalpressa, og når fristen for anbod har gått ut vel servicesenteret ut den anbydaren (utdanningsinstitusjonen) som skal få tilbodet. Dette valet skjer på bakgrunn av faktorar som pris, tidspunkt for kurset, tilbydaren sin erfaring med gjennomføringa av liknande kurs, kvar kurset skal haldast og eventuelt kursform (t.d. tradisjonell undervisning, internett-basert undervisning). Dersom eit kurs har færre enn 10 påmelde, kan servicesenteret ta direkte kontakt med ein aktuell utdanningstilbydar, utan å måtte gjennomføre ein anbodsrunde, og

saman med denne avgjer vilkåra for kurset. Denne metoden vart nytta for alle kurs før fylkeskommunen sommaren 2001 valde å gjera bruk av prinsippet om anbod i alle høve. Leiarane ved servicesentera fann anbodsprinsippet tungvint og arbeidskrevjande. Dei peika på at det er ein tidkrevjande prosess både å utforme anboda, og å vurdere og samanlikne innkomne tilbod. Denne ressursbruken må sjåast i samanheng med at det ofte berre er ein aktuell tilbydar innafor eit bestemt fagfelt i det område som servicesenteret verkar. Etterkvart som dei vann erfaring både med anbodsutlysinga og handteringa av tilbod vart prosessen noko meir rutineperga og krov færre ressursar hjå servicesentera. Frå og med 01.05.2002 vedtok fylkeskommunen at det berre er kurs med minst 10 påmelde som krev ein offentleg anbodsrunde.

Eit anna problem i samband med anbodssystemet som servicesentera peikar på, er mangelen på ein mal eller eit standardisert oppsett både når det gjeld utforminga av sjølve anbudet og når det gjeld utforminga av tilbodet (dvs svaret på anbudet). Manglande og ufullstendige svar på anbudet gjev servicesenteret meirarbeid og skapar problem i deira val av arrangør.

Når servicesenteret har plukka ut den aktuelle utdanningstilbydaren vert kurset planlagt og etterkvart starta opp. Servicesenteret får få og spreidde tilbakemeldingar frå deltakarane på desse kursa, både undervegs og etter avslutta opplæring. Leiarane ved servicesentera er gjennomgåande godt nøgde med det opplæringstilbudet som kundane får. Dei legg vekt på at det bør arbeidast vidare med sikte på å gjera undervisninga meir fleksibel, både ved at ein større del av undervisninga etterkvart bør gå føre seg på Internett og at undervisninga blir meir tilpassa kvar einskild deltakar. Det siste vil innebera eit opplegg der kvar deltakar berre treng å delta på dei delane der vedkommande har eit gap (dvs der han manglar kunnskapar), og at ein freistar å tilretteleggje avsluttande prøve slik at det ikkje går for lang tid frå ein deltakar er ferdig med sin del av kurset til prøve blir gjennomført. Dagens eksamensordning er ikkje tilpassa eit såpass fleksibelt opplegg.

4.7 Framlegg til endringar

På bakgrunn av intervju med leiarane for dei tre servicesentera har gjer Vestlandsforskning framlegg om nokre endringar på dei områda som desse har ansvaret for.

- Det bør setjast av fleire ressursar til informasjon om Kompetansereforma i fylket. Dette gjeld i særleg grad informasjon retta mot personar med rett og mot deira

arbeidsgjevarar, både i kommunal og privat sektor. Det er truleg ein nær samanheng mellom informasjonsaktiviteten og talet på personar med rett som vender seg til servicesenteret. Både verksemdar som produserar for eksport og verksemdar som konkurrerer med import på heimemarknaden vil i aukande grad kunne ha ei føremon i konkurransen dersom ein stor del av arbeidstakarane kan dokumentera at dei har fagbrev eller anna fullført utdanning på nivå med vidaregåande skule. Ein effektiv informasjonskanal retta mot private verksemdar kan vera årsmøte/representantskapsmøte i lokale næringsssamskipnader, regionale samanslutningar av arbeidsgjevarar og personleg møte med leiinga i dei største verksemdene. Når det gjeld dei offentlege arbeidsgjevarane, kan det beste vere å få gje informasjon til ei samling av operative leiarar, t.d. avdelingsleiarar ved alders- og sjukeheimar, avdelingsleiarar i teknisk etat og liknande.

- Servicesentera bør framleis setja av ressursar for å kunne gje personar med rett eit avgrensa tilbod om generell yrkes- og utdanningsrettleiing dersom dei ynskjer dette. Yrkes- og utdanningsrettleiing er ei viktig teneste, fordi ein her kan gje personar brei informasjon om både dei noverande og dei forventa vilkåra for ulike utdannings- og yrkesgrupper på arbeidsmarknaden. Dette vil gjera den einskilde betre i stand til å vurdere eigne evner og interesser mot dei vilkåra vedkommande kan venta å møte innafør ulike yrke. Ei såpass sentral teneste har dei siste åra vorte nedprioritert av det offentlege. For at leiarane ved servicesentera skal bli betre rusta til denne oppgåva, bør det leggjast til rette for ei kort opplæring i samarbeid med t.d. Høgskulen i Sogn og Fjordane. Som grunnlag for arbeidet, bør servicesentera i etterkant samarbeide med Fylkesarbeidskontoret og Regional avdeling i Fylkeskommunen om å framskaffe relevant bakgrunnsinformasjon om forventa utvikling innafør dei einskilde utdannings- og yrkesgruppene.
- Det bør frå sentralt hald utarbeidast ein mal som i detalj greier ut om korleis informasjon om grunnutdanning og tidlegare arbeidspraksis skal presenterast av kundane. Nå bruker servicesentera mykje tid på å få kundane til å hente inn rett og detaljert informasjon frå noverande og tidlegare arbeidsgjevar når det gjeld typen av arbeidsoppgåver som dei har løyst og har erfaring frå.

- Det bør også frå sentralt hald utarbeidast ein standardisert mal både når det gjeld utlysing av anbod på kurs og når det gjeld det tilbodet som utdanningsinstitusjonane skal gje. Ei slik standardisering vil gjera anbodsutlysinga enklare for servicesentera og dei einstilte tilboda vil bli lettare å samanlikne.
- Ein stram, fylkeskommunal økonomi saman med knappe ressursar ved servicesentera tilseier at fylkeskommunen bør basere tilbodet om realkompetansevurdering på kostnadsdekning overfor dei gruppene som i høve til Kompetansereforma ikkje har rett på denne tenesta. Sidan opplæringskostnadene i liten grad varierer med talet på kursdeltakarar, så er det små ekstrakostnader for fylkeskommunen å tillate personar utan rett å delta på kurs som har ledige plassar.
- Servicesentera vil spare ressursar dersom dei nyttar seg av retten til å pålegge personar som er realkompetansevurderte til å ta utgangspunkt i denne vurderinga når dei byrjar på vidaregåande opplæring. Det inneber at personar ikkje kostnadsfritt kan ta til på ei grunnutdanning dersom realkompetansevurderinga viser at denne kunnskapen har dei allereie tileigna seg gjennom erfaring.
- Servicesentera bør i den kontakten dei har med Koordinator på den einstilte vidaregåande skulen hente inn informasjon løpande om kor lang tid det no kan ta frå klargjering til realkompetansevurdering i det einstilte faget. Denne informasjonen bør dei vidaregåande skulane registrera inn i REALDOK slik at servicesenteret kan nytte den overfor kundar som skal realkompetansevurderast. På den måten får kundane realistiske forventningar til den tida det kan ta før realkompetansevurderinga kan finne stad. Denne informasjonen bør og tilflyta sentral prosjektkoordinator i fylkeskommunen i samband med dei regelbundne møta mellom leiarane ved servicesentera og fylkeskommunen, eller gjennom REALDOK. Det bør då vera fylkeskommunen sitt ansvar å vurdere om den einstilte vidaregåande skulen gjennom rektor skal tilrådest å prioritere ressursbruken slik at ein aukar gjennomstrøyminga av kundar som blir realkompetansevurdert.

- Dei sentrale styresmaktene bør sjå nærare på dei problema som det no er med å nytte realkompetansebeviset som grunnlag for inntak på høgskular og universitet. Vår vurdering er at ein bør ta til med å setja talkarakterar også i samband med realkompetansevurderinga og ikkje berre nøye seg med bestått/ikkje bestått slik ordninga er i dag.
- Frå 01.05.2002 vart det vedteke at kurs med minst 10 deltakarar skal utlysast offentleg. Ein bør nok her også vurdere dei samla kostnadene ved kurset som eit tilleggskriterium. Dersom det er ein deltakar på eit kurs, men dette kurset er svært kostbart å gjennomføra, bør det vera tilstrekkeleg til å gjennomføre ei anbudsutlysing.
- Når ein person har fullført vidaregåande opplæring, må det etablerast rutinar for avregistrering i REALDOK. Dette kan gjerast ved at den vidaregåande skulen, fagopplæringa eller ein annan utdanningstilbydar som har hatt ansvaret for det siste kurset og som dermed utferdigar provet på fullført vidaregåande skule samstundes stryk vedkommande frå REALDOK. Eventuelt kan servicesentera gjera dette når dei får oversendt kursbevisa frå utdanningstilbydar.

5. Representantar for undervisarane

5.1 Innleiing

Kompetansereforma inneber m.a. at personar fødte før 1978 har ein individuell rett til å få tilrettelagt undervisning for å kunna fullføra vidaregåande opplæring. Denne opplæringa skal vera kostnadsfri og gå føre seg så nær den einskilde sin heimstad som råd er.

Vestlandsforskning har gjennomført personleg intervju med 6 av undervisarane. Tre underviser i helse- og omsorgsfag, herunder hjelpepleie, medan dei tre andre underviser innanfor almennfag (naturfag, samfunnsfag og engelsk).

5.2 Bakgrunnsinformasjon om undervisarane

Alle dei seks undervisarane hadde lang røynsle frå undervisning av vaksne på nivå med vidaregåande skule, unnateke ein som berre hadde eitt års røynsle. Alle undervisarane har pedagogisk utdanning, og to av dei er utdanna spesialpedagogar.

Alle hadde delteke på eit introduksjonskurs i Kompetansereforma, der dei fekk grunnleggjande informasjon om Reforma og kva ho har å seie for dei institusjonane som tilbyr vidaregåande opplæring og dei personane som underviser i slike fag. Undervisarane var godt nøgde med denne introduksjonen og meinte den gav dei den informasjonen dei trong i si rolle som undervisarar.

Det var nokre små skilnader i den delen av samla arbeidstid som kvar av undervisarane hadde avsett til opplæring av vaksne med rett, men gjennomsnittet låg på om lag 1/3-del av samla arbeidstid.

5.3 Opplegg for undervisninga

Det er som oftast to grupper av vaksne som deltek i undervisninga. Den eine er personar med rett til vidaregåande opplæring, medan den andre gruppa er vaksne som ynskjer meir utdanning, men som i høve til Kompetansereforma ikkje har ein individuell rett til vidaregåande opplæring. Dei som ikkje har ein individuell rett, er som oftast personar utan fullført vidaregåande skule, men som er fødte etter 1978. Eit lite mindretal av personar utan rett, er dei som er fødte før 1978 og som har fullført vidaregåande opplæring i høve til Læreplanen frå 1994.

Ved alle kurs etter Kompetansereforma i Sogn og Fjordane, så sikrar ein fyrst plass til alle med rett, og dei plassane som eventuelt vert til overs blir så tilbode vaksne utan rett. Den sistnemnde gruppa får då delta kostnadsfritt på kurset, bortsett frå innkjøp av studiemateriell som også personar med rett må betale for.

Det er store skilnader på målsetjingane til dei personane, både med og utan rett, som ynskjer å fullføra vidaregåande opplæring innan helse- og omsorgsfaga og dei som ynskjer å fullføra vidaregåande opplæring innan almennfag. Inntrykket til undervisningstilbydarane er at dei fyrstnemnde primært ynskjer å fullføre vidaregåande utdanning og deretter halde fram si yrkeskarriere innafor helse- og omsorgssektoren, medan dei sistnemnde ynskjer å fullføre almennfag for å skaffe seg generell studiekompetanse.

Alle dei seks undervisarane som Vestlandsforskning har intervjuja, har tradisjonell klasseromsundervisning på kursa sine. Undervisaren i naturfag har lagt ut oppgåver på Internett, slik at det også er mogleg for deltakarane på desse kursa å svara på oppgåvene via Internett. Få deltakarar har nytta dette høvet.

Ingen av undervisarane har vurdert å nytte IKT aktivt i undervisninga. Dette skuldast dels at det er svært ressurskrevjande å legge om undervisningsforma og dels at deltakarane ikkje har vist noko større interesse for IKT som arbeidsreiskap.

Undervisarane i almennfag legg stor vekt på å ha kontakt med den einskilde deltakaren i forkant av kurset. Tilretteleggjing av undervisninga blir i stor grad bestemt på bakgrunn av kvalifikasjonane til deltakarane, herunder resultatet av realkompetansevurderinga, og samtalanane med deltakarane før kurset startar. Nokre av undervisarane hadde også justert opplegget undervegs etter ein dialog med deltakarane.

Undervisarane i helse- og sosialfag, herunder hjelpepleie, har eit meir fasttømra undervisningsopplegg frå gong til gong. Dette har samanheng med at dei einskilde helse- og sosialfaga kan delast inn i modular som er enkle å skilja frå kvarandre. Dermed er det også enkelt for den einskilde deltakaren å finne dei rette modulane å fylgja og kva slags delar vedkommande kan hoppa over eller lesa sjølv. Dette opplegget inneber at dialogen med

deltakarane om studieopplegget vert noko meir intensiv i almennfag enn i helse- og sosialfaga.

Undervisninga i almennfag går føre seg på kveldstid, medan undervisninga i helse- og omsorgsfag er konsentrert til dagtid, ein gong i veka. Blant dei som har arbeid som hovudaktivitet, får nokre permisjon med løn medan resten enten får permisjon utan løn eller må ta igjen tapt arbeidstid på eit seinare tidspunkt.

5.4 Evaluering av undervisninga

Ingen av undervisarane hadde lagt opp til systematisk, skriftleg evaluering etter avslutta kurs. Dei la vekt på at det var ein god dialog med deltakarane både før kurset starta opp og undervegs i kurset. Ein av undervisarane brukte av og til skriftleg evaluering i etterkant, men meinte at kvar gruppe var så ulik dei andre at det var vanskeleg å nytta resultatane frå ei evaluering som grunnlag for å tilrettelegge opplegget for neste gruppe.

5.5 Samarbeidet mellom koordinator ved skulen og undervisarane

Alle undervisarane legg vekt på det gode samarbeidet med koordinator ved den einskilde skulen. Dei ser det som naudsynt å ha ein aktør som har ein posisjon mellom servicesenteret og undervisarane. Dermed er det lettare for undervisningsinstitusjonen å utnytte ressursane best mogleg, samstundes som det vert enklare både for servicesenteret og for undervisarane når desse har berre ein person å halde seg til.

5.6 Vestlandsforskning sine vurderingar

På bakgrunn av intervju med nokre undervisarar av vaksne gjer Vestlandsforskning framlegg om nokre endringar.

- Det er svært få kurs for vaksne der ein i dag nyttar Internett som medium i opplæringa. Dette verktøyet kan gjera opplæringa meir fleksibel og gje rom for at deltakarane kan gå inn og ut av opplæringa i høve til eigne førehandskunnskapar. Dette er også ei viktig målsetjing ved Kompetansereforma. Undervisningen for personer med rett skal gå føre seg mest mogleg på kandidatane sine eigne premisser, noko som m.a. fordrar at ein tek omsyn til at deltakarane ofte har lang erfaring frå yrkeslivet og er godt vaksne, at dei er svært forskjellige og at dei ikkje lenger er tenåringar med einseitig skuleerfaring. Opplæring via Internett vil heller ikkje lenger binde opplæringa til å

skulle gå føre seg på ein bestemt stad, noko som gjer at utvalet av utdanningstilbydarar kan bli breiare og nokre av dei kursa som i dag blir haldne utanom fylket vil ikkje lenger medføre lange reiser og opphald for deltakarane. IT-baserte studiar vil også frigjere deltakarane for mange av dei fastlagte oppmøtetidspunkta som er heilt naudsynnte ved tradisjonell klasseromsundervisning. Ein overgang til IT-baserte studiar vil krevje store omstillingar, både for deltakarane og for undervisarane, men dette er eit medium for framtida og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane bør ta initiativ til at det vert utvikla program på sentralt hald innfor dei viktigaste fagområda. Samstundes bør krava til undervisarane vere at dei tek til med å leggje delar av undervisninga på IT, t.d. oppgåver, svar, pensumoversikt og gjer det mogleg for deltakarane å gje ei sluttevaluering av kurset på denne plattformen. Desse krava kan t.d. leggjast inn i anbodsutlysinga.

- Ingen av dei undervisarane som Vestlandsforskning intervjuar hadde lagt opp til systematisk, skriftleg evaluering etter avslutta kurs. Sjølv om dette ikkje er vanleg praksis i samband med undervisning av elevar i vidaregåande skule, så stiller det seg noko annleis i møte med vaksne kursdeltakarar. Tilhøvet mellom undervisar og vaksne deltakarar er meir jamstelt enn mellom undervisar og skuleelev, og dei vaksne kursdeltakarane er på dei fleste andre område, som i arbeidslivet, som røysteføre, som deltakarar i ulike organisasjonar vane med å ha påverknad på omgjevnadene. Dette bør og vera regelen i undervisningssamanheng og den viktigaste kanalen til slik påverknad vil vera skriftlege tilbakemeldingar til undervisar både medan kurset pågår og ved avslutta undervisning. Fylkeskommunen bør difor leggje opp til at det på alle kurs, eventuelt alle kurs av ei viss lengde, blir gjeve høve til ei skriftleg evaluering av kurset, både undervegs og ved avslutta undervisning. Viktige tema for ei slik evaluering vil vera pensum, tilretteleggjinga av undervisninga, formen på undervisninga og oppfølgjinga av den einskilde gjennom kurset.

6. Koordinator for realkompetansedelen av Reforma

6.1 Innleiing

Realkompetansedelen av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane har vorte koordinert og styrt frå ein sentral Koordinator tilknytta Opplæringsavdelinga i Sentraladministrasjonen med sete på Hermansverk. I den fyrste perioden frå 01.08.2000 til 31.07.2001 var det Harald Offerdal som hadde denne funksjonen, medan Knut Vinsrygg har vore koordinator sidan 01.08.2001. Offerdal var i sin periode koordinator i 100 prosent stilling, medan Vinsrygg har hatt koordinatoroppgåver tilsvarande 50 prosent. Dette skuldast at delar av koordinatoroppgåva vart delegert ut til leiaren av Servicesenteret i Nordfjord frå og med 01.08.2001. Bakgrunnen for denne organisatoriske endringa var at den nye Koordinatoren i fylkeskommunen også skulle ha andre oppgåver som ikkje var direkte relaterte til rolla som Koordinator for realkompetanseprosjektet.

6.2 Koordineringa av og samarbeidet med servicesentera

Om lag ein gong i månaden vert det skipa til møte mellom dei tre senterleiarane og sentral prosjektkoordinator. Møta er ikkje heilt regelbundne, men kjem som oftast i stand fordi det er konkrete oppgåver som må løysast eller det er nye eller endra retningslinjer som det skal orienterast om. Det er Koordinator eller senterleiar i Nordfjord som kallar inn til møta, og dei viktigaste tema på desse møta er:

- Koordinator orienterar om nye eller endra retningslinjer i samband med gjennomføringa av realkompetanseprosjektet.
- Senterleiarane tek opp behovet for å iverksetja nye kurs for personar med rett, og kjem med innspel på kor mange det gjeld, gjev eit overslag over kor mykje kurset vil kosta og kartlegg eventuelt om dei andre distrikta har undervisningskompetanse innafør dette området dersom dei sjølve ikkje kan arrangera slike kurs.
- Senterleiarane legg fram resultata av eventuelle anbod på kurs, kven dei vil tilrå som utdanningstilbydar og den endelege prisen på kurset.
- Nye informasjonstiltak, enten i regi av fylkeskommunen sentralt eller i regi av dei tre senterleiarane kvar for seg. Også eit kombinert opplegg der fylkeskommunen og servicesentera deler på ansvaret for å gje informasjon til ulike grupper har vore nytta.

- Den økonomiske situasjonen for realkompetansedelen av prosjektet vert gjennomgått, med sikte på å kunne kartleggja forbruket i høve til budsjett så langt i perioden, både ved det einskilde servicesenteret og hjå sentral koordinator. I tillegg vert budsjettet for resten av året vurdert opp imot behova for m.a. nye kurs og forventa tilstrøyming av personar som ynskjer ei realkompetansevurdering.

Utanom desse møta, er det ein open dialog både mellom leiarane ved servicesentera og sentral Koordinator og internt servicesentera imellom. Tema for denne kommunikasjonen er ofte identisk med det som er timeplanen på dei månadlege møta, og samtlege aktørar trekkjer fram det personlege kjennskapet og det langvarige samarbeidet som mange av dei har hatt også før Kompetansereforma som den viktigaste grunnen til at dei har så mykje kontakt utanom dei regelbundne møta.

I det styringssystemet som er etablert mellom Koordinator og leiarane ved servicesentera inngår det ikkje noko planverk som inneheld fastlagde, operative mål for verksemda ved servicesentera, bortsett frå budsjettet, og dermed er det heller ikkje lagt opp til rutinar omkring tilbakemelding på måloppnåing og eventuelle avvik frå denne. Dei tre leiarane ved servicesentera og sentral Koordinator gjer eit grovmaske overslag over forventa kundetilstrøyming og forventa kursaktivitet i det kommande året i samband med den fylkeskommunale budsjettprosessen kvar haust. Etter at budsjettet for m.a. opplæringsavdelinga er vedteke i Fylkestinget, vert delar av budsjettet avsett til kvart av dei tre servicesentera som då får vedtekne rammer å halda seg til.

Prosjektkoordinatoren legg vekt på at den modellen dei har i dag for kommunikasjon mellom Koordinator og servicesenter fungerer godt, at informasjonsflyten er tilstrekkeleg og at ansvarslinene er klare og eintydige.

6.3 Samarbeidet med dei sentrale styresmaktene

Lover, retningsliner og anna informasjon frå dei sentrale styresmaktene vedrørende realkompetansedelen av Reforma skal tolkast, bearbeidast og distribuerast vidare i organisasjonen av sentral Koordinator. Av og til er det leiaren ved Servicesenteret i Nordfjord som får denne oppgåva. Kyrkje-, Utdannings- og Forskingsdepartementet har delegert det sentrale mynde til Vaksenopplæringscenteret (VOX) som er ein institusjon med

direktoratsliknande funksjonar. VOX har skipa eit eige forum som skal motta råd, framlegg til endringar og tilbakemeldingar på gjennomføringa av realkompetansereforma i dei einskilde fylka. Denne kommunikasjonen skal gå føre seg mellom forumet i VOX og ein kontaktperson i kvar region av landet. Sogn og Fjordane deltek i Sør-Vestsamarbeidet som inkluderer fylka Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I tillegg har fylkeskommunane fått ein personleg kontakt i VOX som dei kan vende seg til med spørsmål knytta til realkompetansedelen av Reforma.

Når det gjeld kommunikasjonen med VOX, så rapporterar sentral Koordinator til VOX ein gong i året. Denne rapporteringa går føre seg på eit standardisert skjema, der sentral Koordinator fyller inn opplysningar om talet på realkompetansevurderte, talet på personar som har vendt seg til servicesentera og forbruket av midlar på realkompetanseprosjektet i Sogn og Fjordane. Sentral Koordinator er ikkje nøgd med utforminga av skjemaet fra VOX, og meiner det burde ha vore lagt til rette for meir heilskapelege tilbakemeldingsrutinar der det også var rom for å gje individuelle synspunkt og vurderingar.

Det er VOX som har ansvaret for å utforme retningslinjer, gje råd og informasjon til sentral Koordinator. Denne kommunikasjonen er sentral Koordinator godt nøgd med, og han meiner at den informasjonen og dei råda han får frå VOX er tilstrekkelege til at han kan utføre sitt arbeid som Koordinator på ein tilfredsstillande måte. Koordinatoren er ikkje så godt nøgd med den kontakten i VOX som dei sentrale Koordinatorane har fått seg tildelt. Denne har dei høyrte lite frå og når dei treng råd, som t.d. kor store fullmakter dei har til å gjennomføre ulike tiltak, får dei ofte ikkje tilfredsstillande svar.

Kommunikasjonen internt i Sørvestsamarbeidet går føre seg ved at det er regelbundne møter mellom Koordinatorane i dei einskilde fylka som tilhøyrer denne regionen. Møta har ein frekvens på om lag 4 – 5 i året, og her er det lagt opp til at store, prinsipielle problemstillingar omkring realkompetansereforma som også vedkjem andre fylker, skal utgjera timeplanen. Tema som sjølve organiseringa av realkompetansedelen av Reforma, den praktiske tilpassinga av realkompetansevurderinga til fagopplæringa og den overordna utforminga av IT-verktøyet, REALDOK, har vore sentrale i dette forumet. Koordinatoren i Sogn og Fjordane legg vekt på at dette forumet har spelt ei viktig rolle både som følgje av få styringssignal frå sentralt hald og på grunn av at Realkompetansedelen vart lagt opp som eit prøveprosjekt. I eit

prøveprosjekt er det særst viktig å få innspel og impulsar frå andre som arbeider mot det same målet, men kanskje finn at andre verkemiddel er meir effektive enn det ein sjølv evnar å sjå.

6.4 Informasjon om Realkompetanseprosjektet til relevante grupper

Ansaret for informasjonen til dei relevante gruppene har vore delt mellom Koordinator og dei tre leiarane ved servicesentera. Koordinator sende i 2001 ei brosjyre til alle hushald i fylket, der ein kort gjorde greie for innhaldet i Kompetansereforma generelt og realkompetansebiten spesielt. Det blei lagt vekt på å gjere greie for kva grupper som hadde rett til kostnadsfri realkompetansevurdering og fullføring av vidaregåande opplæring, kven dei interesserte skulle vende seg til og kvifor det kunne vera interessant å få gjennomført ei realkompetansevurdering og deretter eventuelt fullføre vidaregåande opplæring. I tillegg til dette, har Koordinator innkalla til 2 – 3 pressekonferansar og distribuert pressemeldingar i samband med utlysing av nye kurs eller berre for å informere om Reforma. Koordinator har også informert kommunane som arbeidsgjevarar, enten direkte i eit rådmannskollegium eller direkte mot mange kommunar der formålet var at desse kommunane skulle gjera greie for ordninga i sine informasjonsaviser til eigne innbyggjarar og gjera det kjent internt i kommuneadministrasjonen, t.d. ved oppslag på informasjonstavle eller som informasjon på kommunen sitt intranett. Koordinatoren har og vore på dei største vidaregåande skulane og informert dei tilsette om Reforma.

Koordinatoren meiner at pressemeldingar og utsending av brosjyrar til alle hushald har vore lite effektive verkemiddel. Dette skuldast dels at journalistane finn denne typen pressemeldingar for lite slagkraftige og dels at mange kastar brosjyrar før dei ser innhaldet. Også informasjonen som vart gjeven til ei samla rådmannsgruppe, førde truleg heller ikkje fram.

Koordinatoren legg vekt på at det har vore for lita tid og for få ressursar til å gjennomføre ein større informasjonsaktivitet. Det har heller ikkje vore tilstrekkeleg kapasitet hjå dei tre servicesentera til å kunne handtere fleire kundar enn det dei har hatt i desse to åra.

6.5 Samarbeidet med undervisningstilbydarane og fagopplæringsjef

Koordinator har liten kontakt med undervisningstilbydarane, noko som har samanheng med den desentraliserte gjennomføringa av Kompetansereforma i Sogn og Fjordane der det er nær og ofte kontakt mellom undervisningstilbydarar og det tilhøyrande servicesenteret. Derimot er

kontakten mellom Koordinator og Fagopplæringsjefen mykje større. Dette skuldast den store skjæringsflata det er i oppgåver mellom dei to. Mange som ynskjer å ta fagbrev har arbeidspraksis som det kan vera aktuelt å godkjenne som ein del av praksisgrunnlaget for fagbrevet. Denne godkjenninga av praksis i samband med fagbrevet, kan enten utførast av fagopplæringskonsulent, som er det vanlegaste, eller av fagkonsulent på realkompetansevurdering dersom denne er kvalifisert for det og personen uttrykkjer eit ynskje om det. Dersom fagkonsulent ikkje er kvalifisert eller kandidaten ynskjer det, vert personen vist til fagopplæringa for praksisvurdering. Det er ikkje lagt opp til at ei realkompetansevurdering innafor eit yrkesfag også skal dekkja praksisvurderinga under lærlingeordninga.

6.6 Vestlandsforskning sine vurderingar

På bakgrunn av intervjuet med den noverande og tidlegare koordinatoren for realkompetanseprosjektet i fylket gjer Vestlandsforskning framlegg om nokre endringar.

- Ei koordinatorrolle bør fyllast av ein person, eller av fleire personar på same administrative styringsnivå. Det kan bli ei rolleblanding og uklare ansvarsforhold når ein person både er leiar for eit servicesenter og fungerer som koordinator for m.a. servicesentera. På grunn av ei lang tid som samarbeidspartnarar, gode personlege relasjonar og eit oversiktleg miljø fungerer arbeidsdelinga godt i Sogn og Fjordane, men ein kan lett komme i situasjonar der denne rolledelinga vil vera vanskeleg. Saker som omhandlar budsjettrokingar og val av utdanningstilbydarar utanfor eige distrikt kan vera døme på saker der ein som både er servicesenterleiar og koordinator kan koma i ein vanskeleg situasjon.
- Gjennomføringa av realkompetansedelen er i Sogn og Fjordane basert på ein svært desentralisert organisasjonsmodell, der mange avgjerder vert tekne av servicesenterleiarane og der Koordinator har ein overordna styringsfunksjon. Ein slik modell har mange føremoner, men skal desse nyttast fullt ut bør det etablerast eit noko meir formalisert planleggings- og oppfølgingssystem enn det som vert praktisert i dag. Dette vil innebera at ein legg noko meir arbeid i å fastleggja måltal som grunnlag for budsjettprosessen om hausten. Dette kan vera tal på kor mange som skal gjennomføra ei realkompetansevurdering i dei tre distrikta, og kor mange som vil ta til på vidaregåande opplæring innafor grovinndelte fagområde. Desse måltala (som vert

brotne ned på t.d. kvartal) vert bindande for servicesentera og dei rapporterer kvartalsvis på korleis måloppnåinga er, og dersom det er avvik skal desse forklarast og tiltak skal leggjast fram for korleis måltala skal verta nådde i neste kvartal. Eit slikt opplegg kan føra til at fleire ressursar vert nytta på informasjonstiltak og dermed at fleire av dei som har individuell rett vert gjort merksame på dette og nyttar retten sin. Skal eit slikt mål- og resultatstyringsystem verka, må ein også gjera ei direkte kopling mellom økonomiske ressursar og grad av måloppnåing ved det einskilde servicesenteret.

- Den styringsdialogen som i dag er etablert mellom dei sentrale styresmaktene og koordinator ved fylkeskommunen når det gjeld gjennomføringa av realkompetansedelen av Reforma verkar på nokre punkt noko laus og uklar. Det har nok delvis samanheng med at realkompetanseprosjektet er i ei utprøvingfase og når ein går over i ei meir ordinær driftsfase hausten 2002 vil også sentrale styresmakter legge opp til ein endra styringsdialog. Vestlandsforskning gjer framlegg om at ein då innfører mål- og resultatstyringsprinsipp også mellom sentralt og fylkeskommunalt nivå når det gjeld gjennomføringa av Kompetansereforma, med tilhøyrande skriftlege, kortfatta rapportar frå fylkeskommunen til sentrale styresmakter t.d. ved kvartalsslutt. Deretter kjem det tilbakemeldingar frå sentralt hald på resultata og dei tiltaka som er føreslegne. Dette bør utgjere kjerna i styringsdialogen. I tillegg til denne, bør det noverande sørvestsamarbeidet halde fram, men den dialogen som i dag er mellom sentrale styresmakter og den eine koordinatoren i dette samarbeidet bør erstattast av ein dialog mellom kvar einskild koordinator og dei sentrale styresmakter. Ein bør unngå eit tredje nivå mellom koordinator og VOX. Ordninga med at fylkeskoordinatorane har ein kontaktperson å halde seg til i VOX, når det gjeld spørsmål og informasjon knytta til Reforma bør vidareførast.

7. Fagkonsulentane sine vurderingar

7.1 Innleiing

Fagkonsulentane er ansvarlege for sjølve realkompetansevurderinga av vaksne med rett. I denne vurderinga nyttar fagkonsulentane som oftast IT-verktøyet 'REALDOK'.

Fagkonsulentane er i nokre tilfelle også dei personane som gjennomfører undervisning for vaksne i dei fagområda som dei realkompetansevurderar. Dette er fordi rekrutteringa av fagkonsulentane er desentralisert og skjer i all hovudsak gjennom den vidaregåande skulen der dei er tilsett som lærarar. Sjølv om det er oppnemnt ein koordinator ved kvar vidaregåande skule som skal ha den direkte kontakten med servicesenteret og fordele oppgåvene med realkompetansevurdering mellom dei einskilde fagkonsulentane, hender det ofte at det er fagkonsulentane sjølve som har den direkte kommunikasjonen med leiaren av servicesenteret. I denne kommunikasjonen fortell servicesenteret kven og kor mange kandidatar han har klargjort for realkompetansevurdering, og ber fagkonsulentane innafor dei aktuelle fagområda om å avtale tid med kandidatane for å kunne gjennomføre denne vurderinga.

Det er i hovudsak desse tre relasjonane; til servicesenteret, til IT-verktøyet og til kundegruppa som vi ba 6 fagkonsulentar om å vurdere.

7.2 Samarbeidet med servicesenteret

Representert i denne granskinga er faga: Elektro, Næringsmiddelsfag, Butikk og Kontor, Hjelpepleie, Helse- og omsorgsfag og Allmennfag. Vi valde ut dei fagområde der flest personar har vorte realkompetansevurderte, samstundes som vi og ville få fram fagkonsulentane sine vurderingar innan både typiske manns- og kvinneyrker. Frå dei tre servicesentera fekk vi namnet på dei fagkonsulentane som har gjennomført flest realkompetansevurderingar innan desse fagområda. Denne informasjonen var nok ikkje heilt oppdatert, i det nokre av dei fagkonsulentane som Vestlandsforskning intervjuar hadde hatt svært få oppdrag. Fagkonsulenten for Butikk og Kontor ved Sogndal vgs. har til dags dato ikkje gjennomført ei einaste realkompetansevurdering. Fagkonsulentane innafor hjelpepleie og helse- og omsorgsfag hadde imidlertid gjennomført mange vurderingar, høvesvis mellom 40 til 50 personer (Hjelpepleie) og 30 til 40 personer (Helsefag) i løpet

av 1 ½ år. Spesielt mange var det i 2001. Dei resterande fagkonsulentane hadde berre hatt 2 kandidatar kvar til vurdering.

Kontakten mellom den einskilde vidaregåande skulen og fagkonsulentane er ikkje av primær interesse her. Som tidlegare nemnt, er det i nokre tilfeller eit mellomledd mellom fagkonsulentane og servicesenteret i form av ein koordinator. Men i mange tilfelle har fagkonsulentane ofte direkte kontakt med servicesenteret. *”Hvis det er eit stort press tek dei (servicesenteret) direkte kontakt med oss, så kontaktar vi koordinator ved skulen dersom det er høveleg. Vi er så få aktuelle fagkonsulentar at det ofte er mindre byråkratisk og går raskare når det er direkte kontakt mellom fagkonsulent og servicesenter. Det andre blir ei intern sak ved skulen.”* Ved Eid vidaregåande skule er servicesenteret og dei yrkesretta faga ved skulen samlokalisert. Også dei to andre servicesentera er samlokaliserte med yrkesfaga, eller nokre av yrkesfaga, ved to andre vidaregåande skular i Sogn og Fjordane. Denne nærleiken mellom servicesenteret og nokre av fagkonsulentane forenkler kontakten og kommunikasjonen. Fagkonsulentane ved Eid vgs. er særst godt nøgd med å ha servicesenteret i same bygning. Ein av fagkonsulentane fra Firda vgs, som ikkje er samlokalisert med servicesenteret, peika også på at avstanden til servicesenteret kan ha betydning. *”Avstanden til Eid gjer ingenting, men det ville vore verre om Førde eller Sogndal var det næraste servicesenteret fordi vi av og til har behov for å møtast.”*

Rekrutteringa av fagkonsulentar skjer som oftast ved at leiinga ved den einskilde vidaregåande skulen utnemner fagkonsulent etter førespurnad frå servicesenteret. Ved nokre høve var det og servicesenteret som ba om at ein bestemt lærar vart utnemnt. Fagkonsulentane er godt nøgde med denne ordninga. *”Fylket var flinke til å delegere nedover og plukke ut dei rette personane.”*

I ein del fag var det og behov for fleire fagkonsulentar; i andre fag har det vore behov for fagkonsulentar frå andre fylke (t.d. brønnboring i Bergen). Geografisk er det ynskjeleg at fagkonsulentane er så nær brukarane som mogleg, dvs. at reiseavstanden for brukarane blir så kort som mogleg. *”Innafor hjelpepleiarfaget har det vore stort press på fagkonsulenten i Sogn, slik at 20 personar frå det distriktet har vorte realkompetansevurdert ved Firda vgs i Sunnfjord”*. Arbeidsinnsatsen i forhold til vurdering av kandidatar varierer mykje mellom dei einskilde fagkonsulentane og mellom dei ulike fagområda både når det gjeld talet på vurderte kandidatar og tidsbruk på kvar einskild kandidat. Tida som kvar vurdering tek avheng i svært stor grad av kandidaten sin kompetanse innafor det aktuelle fagområdet.

Fagkonsulentane er godt nøgde med den klargjeringa av kandidatane som servicesenteret gjennomfører i forkant og det er ein god kommunikasjon mellom fagkonsulentane og servicesentera. Fagkonsulentane peikar på at det var noko uklare retningslinjer frå sentralt hald i starten på prosjektet. Dette gjaldt særleg forholdet mellom fagkonsulent og servicesenter og kven av desse som hadde ansvaret for å sikre at ein klargjort kandidat raskt fekk tilbakemelding om at vurderinga kunne gjennomførast. Det gjaldt også elevane, der det var noko uklart korleis undervisninga ville bli lagt opp i høve til den ein skilde sin realkompetanse. Dette er no eit tilbakelagt stadium. *”Det har blitt ei god og klart avgrensa arbeidsdeling mellom servicesenteret og fagkonsulentane etterkvart. Alle inklusive elevane fekk tidleg i prosjektet svært sprikande informasjon frå fylket”*. Nokre av fagkonsulentane peika på at klargjeringa frå servicesenteret berre omfattar fødselsnummer samt utdannings- og yrkesbakgrunnen til kandidaten. Dette er all den førehandskunnskapen som fagkonsulenten sit på når vurderinga tek til. I mange tilfelle er dette tilstrekkeleg fordi kandidatane ofte er ressurssterke personer i 40-åra. Men det fins også kandidatar som har problem med å artikulere seg og presisere kva arbeidsoppgåver dei har utført i yrkeslivet og nokre kandidatar kan ha dysleksi og andre funksjonshemmingar som gjer det vanskeleg å lesa eller beherska det skrevne mediet. Nokre av kandidatane kan og ha dårlege og traumatiske røynslar med tidlegare skulegang eller dei av andre grunnar slit med låg sjølvkjensle. Denne informasjonen vert ofte ikkje inkludert i klargjeringa frå servicesenteret, og berre dersom kandidaten på eiga hand og uoppfordra informerer om slike forhold blir dei vektlagt i den klargjeringa som er utgangspunktet for fagkonsulentens realkompetansevurdering. At det fins tilfelle der servicesenteret (i Eid) inkluderer slike opplysningar i klargjeringa for realkompetansevurderinga vert stadfesta av ein fagkonsulent frå Eid vgs. *”Det er også andre ting som er greit å vite når det er vaksne folk og dei ikkje har så gode erfaringar med skulen frå før. Senteret driv ein fin pedagogisk dialog med kandidaten. Det er viktig at vi får den tilleggs informasjon”*. Han forklarar eigne positive erfaringar med servicesenteret med klare retningslinjer og samlokaliseringen av servicesenteret og skulen. Han meiner også at *”det hadde ikkje vore slik om det berre hadde funnest eitt senter for heile fylket.”*

Avlønning per vurdering ligg på kr. 750.- nokon som tilsvarar ca. tre timars arbeid. Men ettersom kandidatane er ulike vil tida som går med til sjølve realkompetansevurderinga variere. Fagkonsulentane gav stort sett uttrykk for at tida varierer mellom to og tre timar per kandidat og at avlønninga difor står i høve til arbeidsinnsatsen. Det er i særleg grad fagkonsulentane innan hjelpepeleie og andre helse- og omsorgsfag som har det største arbeidspresset, og til tider så tek arbeidet med realkompetansevurdering innan desse fagområda ein større del av arbeidstida enn det er avsett ressursar til. Problemet er då at

skulen ikkje får kompensert for dette meirarbeidet ved at servicesenteret ikkje har økonomiske ressursar til å auke timetalet for fagkonsulentane. Kundetilstrøyminga er periodevis svært stor, noko som har samanheng med tidspunkta for annonseringa av Kompetansereforma generelt eller av einsskilte kursutlysingar i media spesielt. Sjølv om Aetat jamnleg sender arbeidssøklarar til servicesentera for ei realkompetansevurdering, er det fyrst og fremst annonseringa av reforma og einsskilte kurs som styrer kundetilstrøyminga til servicesenter og fagkonsulentar.

Kva meiner fagkonsulentane er årsakene til at personar som i hovudsak er i arbeid søker om kompetansevurdering? I enkelte fag er det krav til formell kompetanse.

Fagkonsulenten i Elektrofag hadde kandidatar som har jobb i Nordsjøen. På grunn av krava til Helse, Miljø og Tryggleik var det krav til at dei tilsette skal ha kompetanse minimum på nivå med vidaregåande skule. Fagkonsulenten la vekt på at mange landbaserte føretak ikkje har samme innstilling til kartlegging av kompetansebehov. I hjelpepleie og omsorgsyrke kjem som oftast ikkje krava frå arbeidsgjevar. *"Hjelpepleie er dårlig betalt og det er tungt arbeid. Dei fleste av søkerane har arbeidd som pleiassistentar, enten i den institusjonsbaserte omsorga eller som ufaglært arbeidskraft i heimebasert omsorg. No er det mogleg også for dei til å skaffe seg fagutdanning som vil gje høgare løn og ein sikrere arbeidsplass. Dei tek sjølve initiativet; arbeidsgjevar dvs. i all hovudsak kommunen, er ofte ikke interessert i dyrare arbeidskraft."* Fråver av kandidatar til realkompetansevurdering i Butikk- og Kontorfag skuldast i følgje fagkonsulenten manglande insentiv i form av høgare løn. Dermed vil ei realkompetansevurdering gje små føremoner for denne gruppa av arbeidstakarar.

7.3 Bruken av REALDOK

Utgangspunktet for ei realkompetansevurdering er som oftast IT-verktøyet 'REALDOK'. Alle fagkonsulentane fekk ei grundig opplæring i dette verktøyet med opptil 3 samlinger (kurs) i regi av Opplæringavdelinga i Fylkeskommunen. Ansvarleg for sjølve opplæringa var firmaet JÆRTEK som har utvikla verktøyet og som også er ansvarleg for vidareutviklinga av det. I etterkant av samlingane var det lagt opp til at kvar deltakar kunne gje tilbakemeldingar til Jærtek på korleis verktøyet fungerte innanfor dei ulike fagfelte og kva som eventuelt kunne gjerast for å forbetra det. Fagkonsulentane er gjennomgåande brukbart nøgde med IT-verktøyet, men har nokre synspunkt på forbetringar. *"Eg går ut ifrå REALDOK når eg realkompetansevurderar. Det er lett å bruke, men det er mange underspørsmål i programmet eg ikkje gjer meg nytte av. Hvis personen svarer på hovedspørsmåla så er det greit. Hvis han ikkje klarer det går vi inn på underspørsmål og konkretiserar."* 'REALDOK' er basert på eksisterande læreplan,

men det eksisterer ulike oppfatningar blant fagkonsulentane om korleis verktøyet skal tilpassast vurderingsprosessen, og motsett: korleis vurderingsprosessen skal tilpassast verktøyet. Generelt sett vert programvara oppfatta som brukarvenleg og innhaldsrik, men fordi fagkonsulentane er godt kjent med fagplanen frå før fokuserer ein del fagkonsulentar på fleksibilitet i sjølve vurderingsprosessen. Dette er spesielt påtakeleg i samfunnslære der *”vaksne kan litt om det meste i samfunnet; det går på forståing. Samfunnsfag er et muntleg fag; eg vil gjerne samtale meir fritt med kandidaten enn det REALDOK legg opp til.”*

Innan yrkesfag som elektro kan fagkonsulentane på bakgrunn av eiga røynsle setje fokus på oppgåver og problemstillingar som er i kjernen av fagplanen. Dei fleste fagkonsulentane gjennomfører difor ei meir fokusert og persontilpassa vurdering baser på ein fri dialog. I denne samanhengen blir REALDOK meir nytta som ein mal eller disposisjon for gjennomgangen. Fagkonsulentane bruker god tid til å førebu kandidatane på strukturen i opplegget. Nokre av fagkonsulentane tek utskrift av innhaldet i REALDOK og fyller dette ut manuelt saman med kandidatane. Det har og vore nokre problem med datanettet slik at ein har vore nøydd til å gjera bruk av manuelle rutinar i samband med realkompetansevurderingane.

”Vi dannar oss veldig fort eit billete av personane og deira kunnskapar etter eit par spørsmål. Med folk som slit brukar eg REALDOK mykje. Enkelte spørsmål må endrast.” Eit hovudproblem knytt til IT-verktøyet er omgrepsapparatet. Reform 94 førte til ei teoretisering av yrkesfag og mange yrkesaktive kandidater kan ha problem med dei teoretiske omgrepa som fagplanane er fulle av og som difor dannar basis for programvara. Kandidatane har problem med å kople sine erfaringar med ulike arbeidsoppgåver til dei teoretiske omgrepa i læreplanane. *”Det er for teoretiske spørsmål i etikk og kommunikasjon(innafor helsefaga) og desse kjem fyrst. Vi har omarbeida spørsmåla tilå bli meir praktisk retta med døme frå konkrete situasjonar i det daglegearbeidet fordi vi fikk tilbakemeldingar om at dette ville gjera spørsmåla og problemstillingane enklare å forstå for personar som har vore mange år i arbeidslivet.”* Det var tydeleg ein gjengangar hjå fagkonsulentane at spørsmålstillingane i IT-verktøyet kan verka hemmande i forhold til kandidaten. Mange fagkonsulentar oppmodar Jærtek til å omformulere ein del spørsmål slik at dei blir meir eigna for personar med erfaring frå yrkeslivet. Samstundes var dei klar over at dei sjølve hadde eit forbettringspotensiale når det gjaldt å nytte REALDOK som eit grunnlag for gjennomgangen, men at dei sjølve kunne tilpassa

gjennomgangen meir til den einskilde kandidaten. Dette er også viktig i forhold til evner og personlegdom hjå den einskilde.

”Mange har dårleg sjølvbilete, så vi bruker litt tid. Nokre av kandidatane blei litt sure når dei ikkje fekk godkjent modular dei i utgangspunktet trudde dei kunne, medan andre blei positivt overraska over modular som dei bestod.” Som regel tilsvaerar vurderinga det nivået som kandidaten sjølv forventar. Kandidaten består vurderinga innafor dei einskilde modulane dersom han har eit kunnskapsnivå som tilsvaerar karakteren 2. I følgje ein av fagkonsulentane var det tyngste i prosessen å vurdere kor godt eller dårleg ein 2-ar var. Fagkonsulentane fyller ut ein gap-rapport som fortell kva slags modular ein kandidat manglar i forhold til krava i fagplanen.

Fagkonsulentane kjenner ikkje til korleis arbeidsgjevarane oppfattar sjølve kompetansebeviset i forhold til ordinær utdanning med karakterar sidan det berre er nokre få av dei realkompetansevurderte som no har fullført vidaregåande opplæring. I helse relaterte fag går tek dei fleste blant dei realkompetansevurderte vidaregåande opplæring i etterkant. Det er eit lite mindretal som oppfattar kompetansebeviset som tilstrekkeleg. *”Det er veldig få som ikkje har halde fram med vidaregåande opplæring. Dei fleste er i arbeid og det er eit stort press frå arbeidsplassen (særleg frå andre tilsette) om å halde fram etter at ein fyrst har gått gjennom ei realkompetansevurdering.”* Den interne konkurransen på arbeidsplassen bidreg såleis til ei fagleg heving.

7.4 Fagkonsulentane sitt syn på undervisninga av vaksne

Det inneber ei utfordring for fylkeskommunen når det gjeld å leggja til rette for og organisere tilbodet til personar med rett som ynskjer å ta vidaregåande opplæring. På dette området ser fagkonsulentane ein del problem og utfordringar. Søkjarar med gap har rett til vidaregåande opplæring og det handlar i mange tilfelle om personer som er i arbeid. Fylkeskommunen er plikta å tilby tilrettelagt undervisning dvs. som kveldskurs, brevkurs, IT-basert undervisning eller andre former for læring. Undervisningen for personer med rett skal gå føre seg mest mogleg på kandidatene sine eigne premissar, noko som m.a. fordrar at ein tek omsyn til at deltakarane ofte har lang erfaring frå yrkeslivet og er godt vaksne, at dei er svært forskjellige og at dei ikkje lenger er tenåringar med einsidig skuleerfaring. *”Det er behov for nye former for læring. Dei som er i jobb må få tilbud om kveldskurs, dei mest ressurssterke kan jobbe IKT-basert. Nettbasert undervisning gjev rom for at deltakarane kan følgje dei, og berre dei, modulane der dei i følgje realkompetansevurderinga har eit gap.”*

Nettbasert undervisning vil vera den beste undervisningsforma for nokre av deltakarane, medan ein del vil ha størst utbyte av vanleg klasseromsundervisning. For andre vil det vera tilstrekkeleg å visa til relevant litteratur og så kan dei gjennomføre eit sjølvstudium i delar av pensum. Individuell tilpassa undervisning inneber og at berre er gapet som skal dekkjast. Modulbasert IKT-undervisning kan spele ei viktig rolle i denne samanhengen. I helserelevante fag var det størst pågang frå kandidatar som har gjennomført ei realkompetansevurdering og som vil gå vidare med utdanninga og fylle dei gapa som vart avdekkja. Løysinga vart klasseromsundervisning. *”Skulen fekk litt panikk som fylje av den store pågangen i byrjinga og for å få til ei tilfredstillande gjennomstrøyming, så vart undervisninga gjennomført på tradisjonelt vis; som klasseromsundervisning.”* Dette er også i samsvar med ynskje frå brukarane og tilfredsstiller såleis kravet om fleksibilitet i vaksenopplæringa. Men dette kan og skuldast at tilbodet skapar sin eigen etterspurnad. Hadde skulen kunna tilby ei anna form for undervisning, ville også store delar av deltakarmassen også vore nøgde med dette. *”Dei ville ikkje ha helgekurs og mange har ikkje tidlegare nytta IT-verktøy. Dei likar å kome saman den eine dagen.”* Firda vgs. har sett av ein dag i veka til undervisning av denne gruppa. I dette kurset blir berre den sentrale delen av pensum gjennomgått som klasseromsundervisning, dei andre delane av pensum må dei vaksne sjølve lesa. Det er obligatorisk frammøte, og deltakarane hadde fri den dagen utan løn men med stønad til kjøp av skulemateriell.

Det er for så vidt inga individuell tilpassing av undervisninga, men deltakarane kan velge ut dei modulane der dei har eit gap og treng såleis ikkje vera tilstades heile dagen. På grunn av knappe lærarressursar, har det vore vanskeleg å differensiere mellom deltakarane. I tillegg har berre ein av fagkonsulentane vaksenpedagogisk utdanning og ein har spesialpedagogikk, medan dei andre har ingen formell vaksenpedagogisk kompetanse. Det er difor rom for ei kompetanseheving på området vaksenpedagogikk men også når det gjeld å tilby IKT-verktøy som undervisningsmedium både for fagkonsulentane og lærarar som er involvert i vurderinga og opplæringa av vaksne med rett til vidaregåande opplæring. Det bør og vera rom for ei styrking av ressursene ved dei skulane som tek mykje av undervisning for vaksne. Dette er ofte skular som har det einaste tilbodet av det aktuelle faget i sitt distrikt. I følgje fagkonsulenten på Grunnkurs Helse *”er det ingen som slåss om å ha denne undervisninga.”*

7.5 Vestlandsforskning sine tilrådingar

På bakgrunn av m.a. intervju med fagkonsulentar har Vestlandsforskning følgjande framlegg til endringar:

- Kommunikasjonen mellom senteret og fagkonsulentane går no føre seg utan problem. Klargjeringa av kandidatar frå servicesenteret blir sett på som god. Den ideelle situasjonen sett frå mange fagkonsulentar si side er at flest mogleg av dei er samlokalisert med servicesenteret, medan andre fagkonsulentar ser det ikkje som noko problem med ein moderat avstand. Dette dreg i retning av at den noverande situasjonen med tre servicesenter i Sogn og Fjordane fylke er ei god løysning.
- Den klargjeringa som servicesenteret gjer av kandidatar til realkompetansevurderinga omfattar ei detaljering av utdannings- og yrkesbakgrunn. I mange tilfelle er dette tilstrekkeleg, men det fins også kandidatar som har problem med å artikulere seg og presisere kva arbeidsoppgåver dei har utført i yrkeslivet og meistrar og nokre kandidatar kan ha dysleksi og andre funksjonshemmingar som gjer det vanskeleg å lesa eller beherska det skrevne mediet. Nokre av kandidatane kan og ha dårlege og traumatiske røynsler med tidlegare skulegang eller dei av andre grunnar slit med låg sjølvkjensle. Ein bør vurdere om servicesenteret i sin klargjeringsprosess også freistar å kartleggje slike tilhøve, noko som vil betre grunnlaget for fagkonsulenten ved realkompetansevurderinga ved at han i større grad enn i dag kan legge opp til ein avhøyrsmetode som er tilpassa den einskilde kandidaten. Eit slikt opplegg vil krevje at det vert etablert eit tillitsforhold mellom leiar ved servicesenteret og kandidaten i samband med klargjeringa.
- Vestlandsforskning er av den oppfatninga at IT-verktøyet REALDOK fungerer rimeleg godt til bruk i realkompetansevurderinga. Fagkonsulentane kjenner sjølv sagt fagplanane svært godt, og av den grunn nyttar mange REALDOK som eit utgangspunkt for vurderinga, men dei nyttar verktøyet svært fleksibelt i vurderingsprosessen. Dette inneber at fagkonsulentane på bakgrunn av eiga røynsle set fokus på oppgåver og problemstillingar som er i kjernen av fagplanen, og at sjølve prosessen vert gjennomført meir fokusert og persontilpassa enn det som REALDOM legg opp til. Dette er naturleg, sidan eit IT-verktøy må standardiserast til ein bestemt mal og skal difor nyttast fleksibelt av dei som kjenner det faglege innhaldet. Vestlandsforskning gjer framlegg om at denne malen vert noko endra i REALDOK. Slik spørsmåla i REALDOK i dag er formulerte, er dei i for stor grad tilpassa elevar i den vidaregåande skulen og deira erfaringsbakgrunn og i altfor lita utstrekning formulert slik at dei eignar seg som problemstillingar retta mot vaksne som ofte har ei lang og brei yrkeserfaring bak seg. Spørsmåla til vaksne må i større grad enn dei som rettar seg mot ungdom vera av resonnerande karakter og ta

utgangspunkt i problemstillingar som kan relaterast til tidlegare erfaringar i arbeidslivet. Dette vil også føre til at realkompetansevurderinga i større grad blir prega av dialog istadenfor muntleg eksamen.

- Det bør setjast av ressursar hjå fagkonsulentane, slik at det vert rom for dei til å gje gjennomarbeida tilbakemeldingar til JÆRTEK på korleis REALDOK fungerer og kva som eventuelt bør gjerast for å forbetre systemet. Det same gjeld for dei tilsette ved Servicesentera. Det bør organiserast ei samling av representantar for fagkonsulentane og alle tilsette ved Servicesentera i Sørvestregionen to gonger årleg. Ei sentral sak på desse samlingane vil vera nye innspel til korleis REALDOK fungerer og korleis det bør fungere. Superbrukaren i eitt av fylka har ansvaret for å oppsummera framlegga til endringar, prioritera mellom dei og distribuera dei vidare til JÆRTEK. Det vert avtala ein tidsfrist med JÆRTEK som då skal ha vurdert både dei tekniske og økonomiske konsekvensane av dei einskilde endringsframlegga. Framlegg som kan gjennomførast utan store kostnader for Fylkeskommunane kan så igangsetjast og fylgjast opp av den aktuelle superbrukar som rapporterar om tiltak og framdrift på neste samling. Framlegg som har økonomiske konsekvensar må drøftast på dei regulære møta i sørvestsamarbeidet der Koordinatorane deltek.

8. Representantar for undervisningsinstitusjonane

8.1 Innleiing

Vestlandsforskning har kartlagt synspunkta på relevante sider av Kompetansereforma hjå fire representantar for ulike undervisningsinstitusjonar i Sogn og Fjordane som m.a. har ansvaret for opplæring av vaksne med rett. To av representantane var tilsett ved den vidaregåande skulen i fylket, ein var tilsett ved AOF medan den fjerde representerte Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane. AOF og Folkeuniversitetet er medlemmar av Vaksenopplæringsforbundet. Alle dei fire undervisningsinstitusjonane har arrangert kurs for vaksne med fri rett til vidaregåande opplæring i høve til Kompetansereforma.

8.2 Involvering i Kompetansereforma

Representantane for dei vidaregåande skulane og Vaksenopplæringsforbundet deltek saman med dei tre servicesenterleiarane på regelbundne informasjonsmøte i regi av Koordinatoren ved Fylkeskommunen. På desse møta informerer Koordinatoren om eventuelle nye eller endra retningslinjer for Kompetansereforma som er direkte relevante for undervisningsinstitusjonane. Leiarane ved servicesentera gjev også ei orientering om korleis tilstrøyinga av kundar har vore den siste tida og kva slags kurs dei no vil lyse ut anbod på eller ynskjer å starte opp direkte. Undervisningsinstitusjonane kan og koma med synspunkt på ulike sider ved Kompetansereforma og korleis Fylkeskommunen og/eller servicesentera handterer denne.

Undervisningsinstitusjonane er generelt godt nøgde med servicesentera sitt opplegg for innhenting av tilbud på kurs gjennom ein anbodskonkurranse, og dei meinte at anbodsutlysing var ein betre og meir rettviss metode enn direkte kontakt mellom servicesenter og aktuell undervisningsinstitusjon utan at andre institusjonar har fått sjansen til å koma med eit tilbod. Fram til mai 2002 gjennomførte servicesentera anbodskonkurranse for alle kurs, men dette er no endra slik at det berre er kurs med minst ti deltakarar som det skal innhentast anbod for. Dei andre kursa kan avtalast direkte med ein undervisningstilbydar utan føregåande anbodsutlysing. I denne utgreinga er det ordninga som gjaldt før mai 2002 som undervisningsinstitusjonane har lagt til grunn i sine vurderingar.

Sjølv om dei gjennomgåande var godt nøgde med prosedyrane for innhenting av tilbod på kurs, var dei noko mindre nøgde med innhaldet i anbodsutlysingane.

Undervisningsinstitusjonane legg vekt på at anboda burde vore meir standardiserte, og at krava til dei tilhøyrande tilboda også burde vore lagt opp etter ein eins mal. I tillegg saknar dei ein større grad av presisjon i sjølve utlysinga over omfanget på kursa dei skal gje tilbod på. Denne faktoren er ofte ikkje nemnd i utlysinga, eller den er uklart formulert.

Undervisningsinstitusjonane er på den andre sida svært godt nøgde med det faglege nivået på dei vaksne som tek vidaregåande opplæring, og dei framhevar det arbeidet som fagkonsulentane gjer.

Undervisningsinstitusjonane hevdar at det i kurs for vaksne vert gjennomført både ei undervegsevaluering og ei sluttevaluering. Undervegsevalueringa kan både vera i skriftleg form eller ho kan vera av meir uformell karakter som t.d. muntleg tilbakemelding på tomannshånd eller i plenum. Formålet med denne er å kunne justere både undervisningsopplegget og eventuelt vektlegginga av ulike delar av pensum undervegs. Sluttevalueringa skal vera skriftleg, og den har til føremål å sikra ein god kvalitet på dei etterfylgjande kursa.

Dei fylkeskommunale undervisningsinstitusjonane er svært godt nøgde med den kommunikasjonen dei har med servicesenteret når det gjeld kursopplegget. Dei finn at kanalane til servicesenteret er opne og at leiarane ved servicesenteret er flinke til å fylja opp saker og gje rask tilbakemelding.

8.3 Undervisningsinstitusjonane sitt syn på Kompetansereforma

Representantane for undervisningsinstitusjonane legg vekt på at informasjonen til personar med rett må bli betre, slik at fleire av desse får høve til å gjera bruk av sine rettar til realkompetansevurdering og vidaregåande opplæring. Det må gjerast meir bruk av aktiv informasjon, der servicesenteret eller koordinatoren gjev særskild tilrettelagt informasjon på stader der mange personar med rett er samla, t.d. ute på arbeidsplassane. Det har vist seg at passiv informasjonsspreiing gjennom brosjyrar, avisinnlegg og liknande ikkje når ut til tilstrekkeleg mange i målgruppa. Dette skuldast i stor grad at mange av dei aktuelle personane må motiverast og gjevast eit ekstra dytt før dei tek spranget over til å vitja eit servicesenter.

Dei frittstående undervisningsinstitusjonane er godt nøgde med at fylkeskommunen i 2002 har sendt ut melding om at desse undervisarane kan rekne pris på aktuelle kurstilbod. Dei sit likevel att med eit inntrykk av at dette skjer på dei områda der det er få deltakarar og der fylkeskommunen ikkje kan opprette heile klassar.

I dei tilfella dei frittstående undervisningsinstitusjonane har fått påmelde deltakarar til kurs i hjelpepleiarfaget, kontorfaget eller andre fag, har dei i samtale med fylkeskommunen vorte samde om at dei skal sende inn papira til servisesentera for realkompetansevurdering. Resultatet av dette har vore at fylkeskommunen har tilbode desse deltakarane gratis undervisning i regi av dei fylkeskommunale undervisningsinstitusjonane. Dei frittstående undervisningsinstitusjonane må på si side krevje ei deltakaravgift av sine kursdeltakarar for å finansiere slike tilbod.

Det har og vorte skipa nye kompetansesenter (Ny kompetanse på Eid) der initiativtakarane eller kontaktpersonane er tilsette i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Dei frittstående undervisningsinstitusjonane meiner det er grunn til å stille spørsmål ved om dette er eit resultat av reforma og om det er fylkeskommunen sitt verktøy for å ekskludere dei.

Tidligere hadde dei frittstående undervisningsinstitusjonane rammetilskot som dei kunne søkje på, og det vart avvikla kurs etter ein plan lagt på førehand. Institusjonane legg vekt på at det burde vore tilskotsordningar som gav studieforbunda ei rammetildeling slik at dei kunne legge inn dette tilskotet som subsidiar til den einskilde deltakar. Denne aktiviteten kunne dei dokumentert med eige kalkulasjonsskjema i etterkant når dei skulle få tilsendt oppgjer for kurset.

Det er og slik at fylkeskommunen skal godkjenne tiltaka til dei frittstående undervisningsinstitusjonane våre på førehand. Dette er ei ordning dei aksepterar, men dei meiner at denne godkjenninga ikkje treng vera på detaljnivå. Rammegodkjenning burde vore godt nok heretter.

Dei frittstående undervisningsinstitusjonane meiner og at det bør setjast av økonomiske rammer som dei kan søke på, og planlegge innafor. Kvalitetsnivået kan vurderast i etterkant når deira elevar går opp til eksamen eller fagprøver.

9. Arbeidsgjevarane

Vestlandsforskning gjennomførde intervju med fem arbeidsgjevarar der tilsette hadde gjennomført ei realkompetansevurdering og/eller hadde byrja på vidaregåande opplæring for vaksne. Tre av arbeidsgjevarane var innafor helse- og omsorg, medan to var innafor nærings- og nytingsmiddelindustrien.

Desse arbeidsgjevarane hadde fått kjennskap til Kompetansereforma gjennom annonsar i lokalavisene, og ein av dei hadde vore på informasjonsmøte i regi av fylkesavdelingane til NHO og LO.

I alle verksemdene/offentlege etatane var det dei tilsette som sjølve hadde teke initiativet både til gjennomføringa av realkompetansevurderinga og til å fullføre vidaregåande utdanning. Sjølv om dei ikkje tok det fyrste initiativet, var og leiarane interessert i at ein del av dei tilsette fullførte vidaregåande opplæring. For dei private verksemdene gjorde dette til at dei auka delen fagutdanna, og dette var noko dei kunne nytta både i marknadsføringssamanheng og når dei på einskilde marknader krav at tilsette med spesielle oppgåver skulle vera fagutdanna. Ei av verksemdene hadde og bede Servicesenteret gje informasjon om Kompetansereforma på eit allmøte.

Alle arbeidsgjevarane la vekt på at dersom dei mottar to søkjarar der den eine har delar av si utdanning i form av dokumentert realkompetanse og den andre har alt frå vidaregåande skule, ville dei jamstelt desse to dersom dei elles var like.

Arbeidsgjevarane etterlyser ein mal frå Servicesenteret når det gjeld dei arbeidsoppgåvene som dei tilsette må dokumentere for å kunne bli klarert for ei realkompetansevurdering. Slik som det fungerer i dag, er det ofte noko uklart kva detaljeringsgrad og kva slags oppgåver som er relevante å ta med.

Arbeidsgjevarane etterlyser og ein meir offensiv informasjonsstrategi frå servicesentera/Koordinator retta mot dei, slik at fleire personar med rett, anten gjennom eigen arbeidsgjevar eller på annan måte får kjennskap til Kompetansereforma og korleis dei kan gjera seg nytte av denne.

10. Fagopplæringsansvarleg

Vestlandsforskning har intervjuet to regionsansvarlege fagopplæringskonsulentar.

Dei fagopplæringsansvarlege har i mange høve samkøyrert sitt informasjonsarbeid med leiarane ved servicesentera, slik at personar med rett kan få ein samordna kjennskap både til Kompetansereforma og kva tenester fagopplæringa kan tilby.

Dei fagopplæringsansvarlege er kritiske til at den lange erfaringa som fagopplæringskonsulentane har når det gjeld å vurdere personar sin arbeidspraksis ikkje vart nytta når ein bygde opp REALDOK. Men dei legg vekt på at til tross for dette, er REALDOK ei god programvare til bruk i vurderinga av realkompetanse.

Dei framhevar og at fagopplæringa hadde mange, godt kvalifiserte personar med lang røynsle i vurdering av relevant arbeidspraksis. Nokre fleire av desse burde også hatt realkompetansevurdering i høve til Kompetansereforma som sitt arbeidsområde.

Dei fagopplæringsansvarlege meiner at arbeids- og ansvarsdelinga mellom servicesenteret og fagopplæringa er klart og eintydig. Dei legg mykje vekt på å formidle at samlokaliseringa fungerer godt, men at dette i stor grad er personavhengig. I Sogn og Fjordane kjem eit fleirtal av leiarane ved Servicesentera sjølv frå fagopplæringa og deira djupe innsikt i fagopplæringa sitt arbeidsområde har gjort samlokaliseringa til ei føremon. Samlokaliseringa opnar for ein tett dialog og rask avklaring av ulike problemstillingar som oppstår i skjæringsflata mellom servicesenter, realkompetansevurdering og fagopplæring.